



Luster kommune

LUSTRA-

nytt





*Ordførar
Andreas
Wollnick
Wiese.
Foto:
Ørjan Talle*

Tida flyg fort, og no har eg straks runda trekvart år som ordførar i Luster kommune. Det har med handa på hjartet vore av dei mest artige og interessante månadene i mitt liv. Samstundes er det ei bratt læringskurve, og eg har mange gonger måtte audmjukt innromme overfor meg sjølv og andre at kunnskapen ikkje har vore heilt på plass.

Lukkelegvis har me ein administrasjon, og eit kollegium her på rådhuset som er heilt eineståande. Her er det godt å vere på jobb, og hjelp og støtte er aldri langt unna!

I vinter har rådmannen og eg vore ein rundtur på einingsbesøk kringom i kommunen. Me manglar eit par tre før me er i mål, men det kjem straks. Inntrykket som ein fersk ordførar sit att med er at det er gjennomgåande positivitet og god drift over heile fjøla. Me bur i ein veldriven kommune, og eg er takksam for alle dei som står på for at Luster skal skine på kommunehimmelen.

Reint politisk er det nokre store saker som har prega desse fyrste månadane, og som eg naturlegvis har brukta mykje tid på. Kommuneplanens arealdel (KPA) grip inn i det meste i ein kommune, og det har vore viktig å få til gode prosessar. Ordføraren har delteke på bygdemøte der det har vore ynskje om det, og me har

Gode lusteringar!

fått mange innspel. Planen kjem på høyring no, så eg oppmodar alle om å lese han godt og komme med fleire kommentarar.

Eg har også vore særskild oppteken av ny sentrumsplan for Gaupne og områdeplanen på Hafslo. I valkampen fokuserte me på kor viktig det er at kommunesenteret vårt skal få eit etterlengta løft. Spenstige skisser har vore framlagde, og fleire vil komme. Hovudtanken er å få til eit sentrum med meir aktivitet (var det nokon som sa kulturhus?) og betydeleg fleire bueiningar. Arbeidet er godt i gjenge, og prosessen med å få reist eit nytt helse og omsorgssenter skjer parallelt.

Målsettinga er å få til ein dynamikk i bustadmarknaden kor fleire vel å bu sentralt i leilegheit, og på den måten frigjere einebustader til dei som treng meir plass. Ved å satse på fortetting i sentrum sparar me også mest mogleg av den verdfulle dyrka marka.

Tanken om fortetting er lik når det gjeld Hafslo, men her ynskjer me også å ta attende sentrum og freiste å få til eit samlande løft for bygda i form av ein fleirbrukshall. Denne prosessen er no pågående med brei forankring, og mange har vore positivt medverkande. Idretten vil ikkje få løyst alle sine behov i eit slikt bygg, men eg ynskjer å få til ein dialog med sikte på alternativ for lagidretten.

Den nye barnehagen er under bygging, og me frigjer Gamlestova til spanande bustadprosjekt. I forslaget som no kjem på høyring har formannskapet også gjeve gode rammer for ei utvikling av billagstomta som mange har vore opptekne av.

Det politiske klimaet i kommunen er bra. Me har det kjekt i formannskap og kommunestyre, sjølv om me sjølv sagt har våre politiske skilnader og tidvise trefningars. Slik skal det også vere.

Eg vil ynskje dykk alle ein retteleg god sommar – ta vare på kvarandre og nyt desse vekene og månadene som no ligg føre oss.

Helsing Andreas

Rådmannen har ordet: **Gode resultat i Luster,** ...men kva med rammevilkåra framover

I kommunen så gler me oss over gode resultat på mange område. Gode tenester, drifta balanserar, trass sterk kostnadsvekst, og det vert lagt av pengar til investeringar grunna gode inntekter på straum, finans, skatt og tilskot. God økonomi gir handlingsrom i den vidare utviklinga av kommunen, så slik sett er gjerne utfordringane større på andre område enn kommuneøkonomien, i alle fall på kort sikt.

Mest krevjande i kvardagen er det å skaffe bemanning og rett kompetanse inkludert å dekke opp vikarar. Dette er ikkje berre eit Luster problem, men ei generell utfordring i kommunane og ein lyt ty til ekstraordinære tiltak og krevjande vikarordningar og vikarbyrå som kostar mykje. Demografien er og slik at det vert fleire eldre som treng tenester, også i Luster, og me vil trenge fleire hender til desse oppgåvene. Rekruttering og kompetanse prioriterar me, og det må prioriterast ytterlegare. Dette også gjerne i samanheng med å sjå på oppgåvedeling og oppgåveløysing i eit omstillingsperspektiv.

Fleire av rammevilkåra og oppgåvene er usikre framover. Krig og uro er globale kriser, men me vert og påverka; kva skjer med flyktningar framover og kva med straumprisen. Mykje er usikkert og det kan bli meir krevjande også for Luster, og også därlegare balanse i økonomien grunna både internasjonale og nasjonale forhold.

Det er rådmannen si oppgåve å analysera og vurdera kva som vil møte oss framover. Sjølv om utgangspunktet er godt så er det viktig å ta på alvor utfordringar og ikkje minst å møta desse i tide, noko som kan gjera endringar og tilpassingar lettare. Endringar i demografi, utfordringar med bemanning og rekruttering og dei økonomiske rammevilkåra vil krevja endringar.

Ei stor sak som verserar no er endring av inntektssystemet til kommunane. Det har i ein periode vore uvisse om endringar her, ikkje minst for naturressurskommunane og kraftkommunen Luster. Forslaget som no ligg i bordet og vert drøfta i Stortinget er därleg for Luster, men likevel slik at det kunne vore därlegare i lys av utgreiingar og signal. Forslaget syner at Luster, med gode lokale inntekter, får lite påplussingar i rammetilskot og færre utviklingsmidlar. Sør-Norge-tilskotet til distriktskommunar, der me har fått 3-4 million kroner årleg, dett vekk og kostnadsnøklane, inkl

Rådmann
Jarle Skartun.



vekting av kriterium får endringar i vår disfavør. Enkelt sagt så kan ein gjerne seie at sosiale levekårsutfordringar vert vekta meir enn tidlegare, dei utfordringane har Luster relativt mindre av med den konsekvens at det vert redusert tilskot. Noko av tapet, opp mot halvparten av tapet på nærare 10 million kroner pr år samla, vert kompensert med inntektsutjamning av dei meir ordinære skatteinntektene. Dette er og del av inntektssystemet til kommunane og her får Luster del i ei utjamning som kompenserer slik at desse ordinære skatteinntektene i kommunane vert meir like. Trenden med reduserte eigne skatteinntekter er likevel ikkje gunstig på lengre sikt.

Revisjon av inntektssystemet til kommunane vil ha som konsekvens at Luster må nytta av kraftinntektene for å halda oppe trøkk på utviklingsarbeid og halde prioriterte strukturar i hevd. Sjølv om me vert noko meir avhengige av lokale inntekter, kraftinntekter, så er det samtidig positivt at det i saka vert slege fast at kraftinntekter er kompensasjon for å dele naturressursar og erstatte tap av naturkvalitetar. Slik sett er det positivt at eit langt større inngrep i desse inntektene, som inntektssystemutvalet tidlegare hadde framlegg om, ikkje lenger ser ut til å vere aktuelt. Så derfor; ikkje så bra, men det kunne vore mykje verre....


Jarle Skartun, rådmann



Årets lustering 2024

Årets lustering 2024 er ein heiderstittel som skal gå til ein person, lag eller organisasjon heimehøyrande i Luster kommune som gjennom sitt virke har utgjort ein ekstraordinær positiv skilnad for kommunen. 2024 er det andre året prisen vert delt ut.

Styret i Lustramarknaden har peika ut fem personar til juryen for Årets lustering 2024. I juryen sit: Andreas Wollnick Wiese, Linda Øvregard Röhme, Jermund Molland, Ove Midtbø og Olav Grov.

Det har vore høve til å komme med framlegg til Årets lustering, og mange gode framlegg er komne inn til juryen.

Juryen har samrøystes og utan tvil komme fram til at Årets lustering

er ei kvinne. Det er ei dame som aldri seier nei til å ta i eit tak i frivillig arbeid, ho har delteke i fleire organisasjonar over tid og teke initiativ til mange gode arrangement i kommunen. *Årets lustering 2024 er Anita Kjørlaug.*

Juryen seier dette i si grunngjeving:

Det kan nemnast mange aktivitetar og arrangement Anita har, og har hatt ansvar for:

Anita er leiar i NFU som gjennomfører mange både små og store arrangement. Eit av dei største arrangementa deira er adventsfesten før jul. Der har det vorte ein tradisjon å invitere NFU i Sogndal, og nærmare 100 personar deltok på



før jul. Nyvinninga Cowboyfest vart ein så stor suksess at dei allereie har arrangert det fleire gonger.

Tilrettelagt friluftsliv er ei undergruppe av NFU og også der har Anita vore ein stor pådrivar. Denne gruppa har gjennomført aktivitetar som boccia, ringspel, aking og køyring med hundeslede på Heggmyrane.

Anita er og stadig å sjå på dugnad i billettluka på Sogn Skisenter, der ho og har vore i styret.

Anita har eit stort engasjement for flyktingane som er komne til Luster. I jobben sin som dagleg leiar i Luster Frivilligsentral får ho godt høve til utøve sitt brennande engasjement for å hjelpe andre. Ho har saman med

flyktingane arrangert feiring av den ukrainske nasjonaldagen, har vore med og etablert ordningar som leksehjelp til flyktingane og juleglede og på kveldstid har ho til og med lærekørt med flyktingar.

Anita har vore med i styret i Gaupne bygdelag i fleire år.

Anita prøver å nå ut i grendene i heile kommunen og nyttar nettverket og kunnskapane sine til å inspirere andre.

Anita brenn for å skape aktivitetar og sosiale møteplassar i alle bygdene i Luster kommune, og er som regel å sjå på både store og små arrangement. Ho har fokus på barn og unge, og særleg dei med nedsett funksjonsevne. Ho har også engasjert seg ekstra i tiltak for flyktingane.

Anita har eit stort hjarte og stor arbeidskapasitet.

Til lukke med prisen som Årets lustering 2024.



Årets bedrift i Luster

Utdelinga av prisen ”Årets bedrift i Luster” er ei årleg tilskiping på Lustramarknaden. I år er det 34. gongen denne utmerkinga vert delt ut. Det er formannskapet i Luster kommune som avgjer kven som får prisen.

I statuttane for tildelinga står det mellom anna: «Prisen som årets bedrift er ei honnørutmerking. Prisen vert delt ut til ei bedrift som på ein positiv måte har utmerka seg. Prisen kan gå til etablerte føretak og nyetableringar».

I år gjekk prisen til *Salong Perry Fra Topp til Tå AS*, eit godt etablert føretak som har over 25 års drift i Gaupne. I tillegg til drifta i Gaupne, bidreg dei også til at bebuarar på omsorgs- og eldresentra i kommunen kan få godt stell frå topp til tå.

Før dei etablerte seg i Gaupne, jobba Tor hjå kjeda Perry Frisør på austlandet. Sjølv om dei heile vegen har vore ei sjølvstendig bedrift,

så har samarbeidet med Perry Frisør sikra at lærlingar frå Gaupne har fått moglegheit til utplassering hjå kjeda i Oslo.

Vi kan løfte fram viktigheita av å ha kompetanse innan fotterapi og hudpleie, og det gode samarbeidet med kommunen, som sikrar fotterapi til bebuarane rundt om i kommunen.

Vi treng verksemder som utviklar seg og som sysselset tilsette. Særleg viktig er det at verksemder tek del i samfunnsansvaret som ligg i å vere lærebedrifter, og fem frisørar har gått læretida si hjå Salong Perry. Som i mange andre bransjar er det

knappheit på folk, og det gjeld også i frisørbransjen. Difor vektlegg Oddny og Tor at ein må halde på, og stelle godt med sine medarbeidarar.

I 2017 overtok Oddny roret som dagleg leiar, og i 2020 pensjonerte Tor seg.

Dei framhevar viktigheita av dyktige og sjølvstendige medarbeidarar som tek felles ansvar for drifta av salongen. Oddny seier at salongen går nesten av seg sjølv. Dei fleste kan gjere det meste, og dei tilsette held styr på alt.

Når vi ser på lista over mottakarar av årets bedrift gjennom tidene, så er det ikkje så mange av denne typen servicebedrifter som Salong Perry representerer, men faktum er at dei, saman med mange kollegaer i ulike bransjar, er med på å gjøre det godt å bu i Luster.

Gratulerer så mykje med årets bedrift 2024!





Tilgjengeprisen 2024

Luster kommune sin tilgjengepris er tenkt å heidre einskildpersonar, organisasjonar eller bedrifter som har gjort ein ekstra innsats for å skape eit universelt utforma Luster. Eit samfunn tilpassa alle.

Prisen er oppretta av kommunestyret, i møte den 15. desember 2022, og påskjøning er markering med utdeling av diplom og blomster.

Det er rådet for personar med funksjonsnedsetting som tek avgjerd om kven prisen skal gå til, etter å ha motteke forslag om kandidatar frå privatpersonar og organisasjonar.

Universell utforming handler ikke kun om fysisk utforming, men også om tilrettelegging av aktivitets- og kulturtilbud. Medmenneskeleg tilgjenge handler om å være forstääleg og imøtekommande for alle, uavhengig av bakgrunn eller evner. Dette skaper et samfunn der alle føler seg inkludert og verdsett.

For 2024 går prisen til «Tilrettelagt friluftsliv».

Det er tre samarbeidande organisasjonar som står bak Tilrettelagt friluftsliv.

Luster turlag med undergruppa FTU Luster, NFU Luster lokallag og Luster frivilligsentral.

Litt om Tilrettelagt friluftsliv

Leiar i Norsk Forening for Utviklingshemma, Luster lokallag (NFU) og dagleg leiar for Luster frivilligsentral Anita Kjørlaug tok



kontakt med Luster turlag i august 2019 om oppstart av tilrettelagt friluftsliv og sidan 7. oktober 2020 har dei vore i drift.

FTU Luster er no blitt ei undergruppe i Luster turlag, på lik linje med Barnas turlag og DNT

Ung Luster. Aktivitetane står i Luster turlag sin foldar på lik linje med dei andre turane til turlaget.

På aktivitetane til Tilrettelagt friluftsliv er det med mellom 10 og 13 deltagarar. Følgjepersonar kjem i tillegg, så totalt kan dei vera over 20 deltagarar. Det blir gjennomført 10 arrangement kvart år. I juli og august er det pause.

Det er varierte aktivitetar som aking på Sogn skisenter med kveldsmat på kaféen, uteaktivitetar som boccia/balleik/kubb, friidrettsstevne, bokstav- og refleksrebus, påskeaktivitet, cowboyfest, rib-båt, hundeslede osv.

På alle arrangement fyrer dei opp enten bål eller bålpanne og dei avsluttar med sosialt samvær rundt bålet der dei et kveldsmat. Det er mykje prat og latter på arrangementa, noko som tyder på trivsel og glede av å få vere saman og oppleve naturen.

Tilrettelagt friluftsliv har i tillegg til dagleg leiar ved Luster frivilligsentral Anita Kjørlaug hatt to faste frivillige som har hjelpt til med planlegging, førebuing og gjennomføring av aktivitetane. Aud Kristin Oma og Geir Grosberg er to viktige personar og utan dei hadde det vore vanskeleg å gjennomføre desse kveldane.

Ser du på formannskapet og kommunestyret på **kommune-TV?**



Vel kamera Hvit Hvit Hvit Hvit

Kommunestyret
Kommunestyret
11. april 2024 kl. 13:05 + Slett 187 ganger

Inn Aktiv 0
Sivilforsvaret v/ Stein Rønning. Spørsmål i salen etter innlegg.

Bokmerke Tidsliste

Inn Aktiv 0
Sivilforsvaret v/ Stein Rønning. Spørsmål i salen etter innlegg.

Spel av 0
Bondelaget v/Klaus Moe. Spørsmål i salen etter innlegg.

Spel av 23/24
Konstituering av møte

Spel av 24/24
Orienteringssak: møteprotokoll til sist møte

Spel av 25/24
Seknad om lån/takot frå næringsfondet - Verkstad og lager: Røneidsgrandane - Bergum anleggsteknikk AS. Samreystes vedteke.

Spel av 26/24
Oppheving av byrådstattinga Luster Utleigebustader

Spel av 27/24
Forming av brukssavtale ViteMeir (Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS)

Spel av 0
Klage på vedtak om ordning av grn. 177 bnr. 26, Luster kommune

...

Opp tak etter kommunestyremøtet i april:

Trykker du pila på biletet, startar du på starten av møtet.
Til høgre kan du velje å starte enkeltsaker.
I blå pil til høgre på sakene kan du sjå dokumenta i saka,
dei enkelte innlegga frå talarstolen, dei ulike forslaga til
vedtak og kor mange røyster dei har fått.

Frå september 2022 har kommunen synt
kommunestyremøta og formannskapsmøta direkte via
kommune-TV – ei nettside. Om du ikkje får med deg
direktesendingar kan du sjå dei i opptak i ettertid. Du kan
velje å sjå heile møtet, eller klikke deg inn på enkeltsaker
du er interessert i.




Mange ser på

Me har henta ut statistikk på visningar for perioden 6
mnd etter det nye kommunestyret starta:
19. oktober 2023 – 18. april 2024 har me desse
visningstala:

Utval	Visningar direkte	Visningar i opptak	Sum visningar
Formannskapet	1232	1349	2581
Kommunestyret	1919	1668	3587
Sum	3151	3017	6168

Kommunestyremøtet den 19. oktober 2023 har hatt flest
direkteinvisningar med 386.

Du finn oss på luster.kommunetv.no eller ved å gå via luster.kommune.no



Nybygg ved ATS

Nybygget ved ATS er lyst ut på anbod. Frist for å levera inn tilbod er 20.juni. Tildeling av oppdraget er sett til 25.juni og ein tek sikte på å inngå kontrakt innan 7 dagar etterpå, altså i løpet av veke 27. Det vart halde anbodssynfaring torsdag 23.mai, og fleire entreprenørar har synt interesse for oppdraget. Oppstart av bygginga er planlagt skal skje seinast i løpet av september.

Dette nye bygget er første steg i ei større opprusting ved ATS. Ein legg opp til at ein gjennom ei stegvis utbygging skal gjera det mogeleg å oppretthalda tilnærma normal drift samstundes som utbygginga går over tid.

I steg 2 planlegg ein å flytta kjøkkenet til dagens vaskerilokale, opna opp kantina og få på plass

garderobar i dagens kjøkkenlokale. Ei opprusting av den eldste delen av hovudbygningen, «Statkraftbygget» frå 1986, vil også vera aktuelt som eit steg 3 på sikt.

Tilsette og medarbeidrarar har vore involverte i planlegging. Det har i samband med innspele til kommuneplanen, allmøte mm. blitt lagt opp til at medarbeidarane har kunna delta i utforminga av prosjektet. Teamleiarane og dei andre ordinært tilsette har i tillegg til å delta i desse prosessane også bidrige gjennom arbeid med planlegging, skisser mm på kvar einskild sine team/avdelingar og gjennom personalmøte.

Det er avgjerande for resultatet at brukarane av bygga får høve til å bidra til gode og tenlege

løysingar innafor tilgjengelege økonomiske, arealmessige og lov- og regelverksheimla rammer. Det vert lagt opp til at leiar av ATS vert kopla tett på utbygginga gjennom heile byggjetida. På denne måten ønskjer ein å sikra brukarperspektivet gjennom heile utbyggingsperioden.

Nybygget skal vera eit arbeidsbygg for ATS, og ein godtek at det kan ha eit industriliknande preg. Det er likevel viktig at td. lyd- og klimatilhøva vert tilfredsstillende. Tec-17 bygningskrav vert lagt til grunn. Svalgang mellom bygga skal byggjast i ubrennbart materiale. Brannvarslingsanlegg installerast. Universell utforming skal ivaretakast.


Det er svært viktig å oppretthalda dagens tette organisering på ATS, slik at ein ikkje spreier/delar aktiviteten unødvendig. Kantina er felles møtepunkt, og det skal den vera også etter at utbygginga er fullført.

Langvegsfarande på utplassering ved ATS



Christian går på ungdomsskule på Gjøvik, og ønskte å gjennomføra arbeidsveka si ved ATS i Luster. Han fekk delta på fleire av arbeidsoppgåvene ved senteret, m.a. i vedhallen, vaskeriet, kjøkkenet og på transportoppdrag.

Tilbakemeldinga frå Christian er at han var svært godt nøgd med både jobben og miljøet ved ATS.





Tetiana saman med teamleiar Jane Engjom på kjøkkenet ved ATS.



Vitalii plantar, vatnar og kører fin gammal bil i tenesta på gravstell.



Ihor i arbeid på pakkelinja til ATS.

Arbeidspraksis ved ATS for flyktningar frå Ukraina våren 2024

ATS har inngått avtale med NAV om å leggja til rette for arbeidspraksis for inntil 5 ukrainske flyktningar i perioden våren/sommaren 2024.

Ønskje er at dette skal vera til nytte og hjelpe både for flyktningane og for drifta ved ATS.

ATS har som kjent som primær oppgåve å syta for arbeid og opplæring til personar med behov for tilrettelagt arbeid. Dette inneber at alle som jobbar ved ATS må ta omsyn til mange ulike personar med særskilte behov i kvardagen og

arbeidssituasjonen, samstundes som ein gjennomfører praktiske oppgåver saman.

Aktuelle oppgåver er både på kjøkken- og kantinedrift, vaskeri, vedproduksjon, transport og grøntarbeid samt gravstell.

I dette prosjektet er språket ei særleg utfordring. Det er vanskeleg å kommunisera når ein har ulike språk både som morsmål og sekundær språk. Men ved hjelp av oversettings-program på mobiltelefon, fingerspråket og av og til innleigd tolk reknar ein med å få til ein god arbeidsperiode for alle.



Tor Stian og Vitalii i god passiar på tunet. Her er det visst ingen språkbarriere som øydelegg for kommunikasjon.



Ihor, Oleksandr og Vitalii i ferd med å stabla bjørkeved i eit av langtelta ved ATS saman med teamleiar Kjetil Fardal.



Oleksandr på vedkløyvaren.

Ny visning av postlista

og tilgang til å søka i eldre bygge- og landbruksaker

Søk i postlista:

The screenshot shows the Luster kommune website with the following details:

- Header:** Luster kommune logo, Gå til Luster kommune si nettside.
- Breadcrumbs:** Innsyn / Postliste - søk etter saker/dokument
- Search Bar:** Søk etter tittei på sær eller dokument, with a "Søk" button.
- Sorter etter:** Dato (nyast) dropdown menu.
- Filter:** Vel periode (Alt or Vel periode), Kva leitar du etter? (Saker og dokument or Biørre dokument).
- Resultat:** Viser 1-10 av 47064 treff, side 1 av 4707. Resultatet viser en liste med en sak: Stadfesting på motteken seknad - Sommarjobb - FriMore 2024 - Folkehelse. Dokumentnummer: 2024/10431, dato: 20.05.2024.

Ulike oversikter du kan søka i:

The screenshot shows the Luster kommune website with the following navigation links:

- Innsyn
- Postliste - søk etter saker/dokument →
- Meteoversikt →
- Heyringar →
- Byggesaker og møtesaker 2016-2021 →
- Politiske parti →
- Fylkesarkivet →
- Bygge- og landbruksaker 1964-2015 →
- Styre, råd og utval →
- Om postlista og innsynsrett →

I mai kom postlista og møteoversikten i ny og forbetra drakt. Du vil no enklare kunna sortera og filtrera kva du ynskjer søka etter. Kalenderen er tatt vekk slik at du slepp å vita kva dato saka er publisert på postlista, men dei nyaste sakene vil visa øvst i lista før du søker.

Postlista vert oppdatert kvar vekkedag med to dagar utsetting. For fagområda byggesak og plan vil du

framleis få direkte tilgang til dei offentlege dokumenta.

Også møtekalenderen er endra. I ny møteoversikt finn du saksframlegg og vedtak i politiske saker, og oversikt over komande møte. Du kan også sortera på utval og lett sjå tidlegare møte med tilhøyrande saker.

Søk i historiske arkiv

Me har også gjort fleire historiske

arkiv tilgjengeleg for deg. Du kan nå søka i bygge- og landbruksaker og møtesaker for perioden 2016-2021, og i bygge- og landbruksaker for perioden 1964-2015.

Om du ynskjer hjelp eller har spørsmål so er det berre å ta kontakt på e-post postmottak@luster.kommune.no eller telefon 57 68 55 00.



Bård Flattun Lilleeng H (t.v) flyttar frå Luster 24. mai og trer ut av kommunale verv.


Elisabeth Stokkenes H (i midten) rykker opp som fast medlem i kommunestyret.

Britt Dagrunn Brugrand H (t.h) er vald som medlem og leiar i plan- og forvaltningsutvalet.

Elles er Knut Hauge vald som medlem og leiar i fjellstyret for Luster austre statsallmenning.



*Over:
Knut Hauge.*



*Til venstre:
Ordføraren takkar Bård
Flattun Lilleeng for innsatsen i
kommunestyret.*

LustRabайдер 2024

Fredag var det endeleg liv og røre i Parken att - DJ Trym laga god stemning innimellan dei andre artistane på scena. Fredag delte han scena med Chris Abolade, Kamelen og CirCuz. Då festivalen var ferdigbooka tidleg i vår, tok sistnemte kontakt og spurte om dei kunne få komme attende til Gaupne i år. For dei to andre var det fyste turen til staden, og dei var fulle av gode ord om arrangørar, plassen og publikummet. Laurdag var det bygdefest- og folkrock-stemning med Byting og Crashville som fekk publikum ut på dansegolvet.

Etter lang tid med kaldt og blaut ver var det midt i blinken med sommarstemning i Parken og på campen i helga. Publikumstalet låg rundt 800 stk

kvar kveld og arrangørane er godt nøgde med ei triveleg helg.


Parkensesongen har vore i gong lenge, med samarbeidsmøte på våren i lag med Gaupnetunet, Politi og Røde Kors. Styret i Parken sitt hovufokus for festivalen er trivsel og tryggleik – for alle! Det var derfor over 60 frivillige vakter for Parken (kvar kveld), profesjonelle vakter både i Parken og på campen, Røde kors, Nattugler og Politi til stades under heile arrangementet. I tillegg stilte Ungdommens Kommunestyre med Blås Grønt ute porten, der dei lodda ut premiar til dei ungdommane som held seg edru på festival.

Arrangørane ynskjer å rette ei stor takk til alle som var med å gjere helga så kjekk !





LUSTRA MARKNADEN 2024



Det var eit yrande folkeliv under Lustramarknaden laurdag 8.juni. Trass regn tidleg på dagen, så kom folk langvegs frå. Her var både Lærdøler, Årdøler, Lustringar og Sogndøler. So kjekt at so mange fann turen til oss!

Det var mykje kjekt på programmet. Luster Energiverk stod for stolpeklatring, der dei unge fekk teste seg. Dette var veldig populært! Sogndal Handbakkklubb køyrdet både opplæring og konkurranse på sin stand, her fekk mange teste styrken. Ornes Båtbyggeri hadde med seg sin nybygde Sognefæring og ungane kunne bygge sine eigne trebåtar som dei fekk teste i eit basseng etterpå.

Lustrabadet hadde radiostyrte båtar i sitt utebasseng.

Det var hesteskokasting, Amcar og MC utstilling, Ellevilt selde MC burger attåt. Landbruksbedrifter var det fleire av og her var det mykje spennande å sjå på av maskiner, både traktorar, slåmaskiner, grasklypparar med meir. Ein kunne testkjøre Tesla, Polestar, Audi, Volkswagen, Skoda eller Toyota. Det var grilling med Nortura, SPAR og Coop, verandakonsert med Dale Skulemusikk. Trekkspelklubben opna sceneprogrammet for dagen med ein nydeleg

konsert som fekk dansefoten til å lea seg. Ringobamsen spreidde glede med klemmar rundt om på marknaden, tusen takk til Alona Polikarpova som var den perfekte bamse!

Jonathan Hurti var konferansier gjennom dagen og leia oss trygt gjennom timane med underhaldning,





med eit godt glimt i auga. Tusen takk, Jonatan! The Bakers frå Skjolden rocka opp stemninga med konsert!

Årets Lustring og Årets bedrift vart kåra. Det var stor spenning knytta til Årets Lustring, som velfortent gjekk til Anita Kjørlaug. Prisen er ein riknute av bjørk, som Leif Gunnarskog frå Sogndal har dreia.

Me hadde heile 65 utstillarar med oss wpå årets Lustramarknad, her var både bedrifter og utstillarar frå Luster, Sogndal, Årdal, Borgund, Naustdal, Feios, Førde, Løken, Leikanger, Magnor, Våler, Fjærland med meir.

Josvanger Elektro køyrdé nattest-konkurranse på sin stand og liften deira gjekk heile dagen med folk i. PRO Vestland Opplæringskontor hadde med seg 3D-printer. Hjå Jostedal Helselag

kunne du laga dine eigne potekaker eller berre smake med sirup på. På Lustrativoliet hadde me såpebobler som ein måtte jobbe litt for å få til å funke, poteløp, sekkeløp, mesternes mester, ringspel med meir. Ein av favorittane var å slå spikaren i

vedkubar som ATS har laga til oss. Luster Hundeklubb hadde med seg ein nydeleg kvelp og mange flotte hundar til utstilling, agility og rallylydighet.

Alltid blide

Johannes Opheim og Maisilja køyrdé mange turar med marknadsgjester gjennom dagen. Det var masse god mat å smake på, vietnamesisk, thai, pizza frå Bøtun, is og ost frå Feios og Ostebua, røyka laks, lappar, geitost, spekemat, brød og chilisaus frå Borgund.

Alt i alt, ein veldig fin Lustramarknad! Me håpar de koste dikka.

Foto: Hans Frederik Bjarkøy og Inger Helgestad/Porten





Medarrangør Gry Anita Sviggum og politikontakt Stein Helge Selland framfor den flotte gjengen med SFO-tilsette i Luster. Den andre arrangøren, Lene Nornes Madsen, sit smilande ytst til høgre.

SFO-tilsette i Luster: Felles planleggingsdag

Tysdag 2. januar starta det nye SFO-semesteret med felles planleggingsdag for alle SFO-tilsette i kommunen, og det var nesten fullt oppmøte. Arrangørar var Lene Nornes Madsen, SFO-koordinator ved Hafslø barne- og ungdomsskule og Gry Anita Sviggum, SFO-koordinator ved Gaupne skule. SFO-koordinator-stillingane var nye i haust og etablert for å styrka administreringa av dei to største SFO-ane i kommunen.

På programmet denne planleggingsdagen stod digitalt foredrag om seksuelle overgrep og vald mot barn, «Frå bekymring til dom», case-presentasjonar og spørsmålsrunde med politikontakt Stein Helge Selland. Etter lunsj var det presentasjon av kvar SFO i kommunen og gruppearbeid med erfarringsdeling om arbeidet på SFO.

Dei to arrangørane var godt nøgde: «Eg hadde det kjekt på den felles planleggingsdagen», seier Lene Nornes Madsen, «Det var kjekt å kunne samlast, dele erfaringar og knyte band mellom dei ulike SFO-avdelingane».

Gry Anita Sviggum opplevde det same: «Eg har berre fått positive tilbakemeldingar frå mine kollegaer. Det var nyttig med temaøkta om vald og seksuelle overgrep. Dette er eit tema me aldri blir utlaerde i. Håpar at dette var starten på eit godt og årleg kommunalt samarbeid på tvers av einingane.»

Kommunalsjef oppvekst, Knut Åge Teigen, var innom planleggingsdagen og fortalte litt om stoda når det gjeld SFO, bemanning og barnetal: «Aldri før har det vore så mange barn og tilsette i SFO som det er akkurat dette året. På to år har tal barn i SFO nesten dobla seg. Dette skuldast innføringa av gratis kjernetid; 12 timer gratis SFO per veke for 1. og 2. trinn. Frå hausten vil denne ordninga også gjelde elevar på 3. trinn. Då vil truleg meir enn 200 barn i Luster gå på SFO. Dette betyr at SFO vert ein stor del av kvardagen



Gruppearbeid og erfarringsdeling på tvers av krinsane.

for endå fleire barn i kommunen vår. At dei tilsette på SFO samlast, deler erfaringar og set fokus på viktige tema er veldig verdifullt.

Ikkje minst med tanke på oppvekstsentrar der det kanskje berre er ein eller to tilsette på SFO, så er det ekstra flott å ha ein slik felles arena som denne planleggingsdagen.»



Den store SFO-dagen på Hafslo

Onsdag 24. april feira elevane og dei tilsette på SFO ved Hafslo barne- og ungdomsskule «Den store SFO-dagen» for første gang. Dette var til stor suksess for både store og små på SFO. Tema for årets markering var «aktivitet og bevegelsesglede».

Dette feira vi med stafett, leik, bollar, saft og frukt. Stafetten bestod av varierte oppgåver, og la opp til både godt samarbeid og fysisk aktivitet for elevane våre.

Før start vart elevane delt inn i grupper, kor deltarane skulle utføre individuelle

oppgåver. Nokre av oppgåvene var sekkeløp, potetløp, puslespel og fotball mellom kjegler. Etter dei individuelle oppgåvene var gjennomført, samla gruppene seg for to samarbeidsoppgåver. Her var det om å gjere å bygge høgast mogeleg tårn ut av marshmallows og spaghetti innan 7 minutt.

Siste oppgåve var ein natursti med varierte spørsmål knytt til kommunen. Her kom det godt fram kor viktig det er med samarbeid og inkludering, og alle laga jobba veldig bra saman.

Tidlegare i veka hadde ein tilsett på SFO, saman med nokre elevar frå 4. trinn, bakt bollar for anledninga. Etter alle oppgåvene var gjennomført samla vi oss på skuleplassen og fekk servert bollar, saft og frukt. Både små og store sit att med at dette var ei kjekk feiring av bursdagen til SFO. Med diplom i handa og «hugleik pao staur» frå Luster Sparebank, vart dagen avslutta. Heile feiringa gjekk over all forventning, og vi gleder oss allereie til neste år.





Bøtun

Historien om Indre Hafslø oppvekstsenter: Bygda vår i vekst!

I 1984 leigde helselaget på Indre Hafslø Lambhaug bedehus for å starte opp med barnehage. Litt seinare starta det opp eit kommunalt tilbod på midten av 80-talet. Då

blei det starta opp eit tilbod for ei lita forskulegruppe, med tanke på skulestart. Når dette tilboden starta opp, starta dei opp i gymsalen på Livtun skule (bygd 1913). Lokalet

som blei nytta, var gymsalen. På slutten av 80-talet (88/89) blei dette tilboden flytta opp bedehuset som står på Lambhaug. Då blei det tilbod for barn i alle aldrar, og blei kalla korttidsbarnehage. Bygget var ikkje heilt eigna til å driva barnehage i, det var både upraktisk og kaldt. Rommet som blei nytta var i kjellaren, men kjøkkenet var i ein annan etasje. Om sommaren var barnehagen stengt. Det passa dårlig for dei som dreiv gard, og slåttonn. Det blei rekna som farleg for barn å vera med på den, og det enda med at skuleungdommar heldt opent, og passa på dei som var mindre. Denne type barnehage blei kalla for Onnebarnehage.

Etter kvart blei det behov for eit meir eigna bygg, og det nye



*Livtun
skule 1915*



Nybygg

barnehagebygget sto ferdig i 1999 ved ungdomshuset Ljosvang. No var det eit heilt nytt bygg, med 24 plassar. Det var leikeareale, stellerom, kontor og personalavdeling. Ein flott barnehage, med fin skog like ved som det var kjekt å leika i. Etter kvart blei også denne barnehagen for liten, og det blei bygd på ein halv avdeling.

Personalavdelinga og kontoret måtte vike, slik at ein fekk meir areal til å lage avdeling. Kontoret blei flytta bort på skulen, som fekk nybygg like ved i 2007.

Barnehagen auka tal plassar til 36, og blei delt i to avdelingar –

som blei til Perle & Bruse. Perle blei avdeling for dei minste barna, og Bruse for dei store barna. Dette

var klart hausten 2016. Slik var barnehagen nokon år, før den igjen blei for liten. Under opptaka var det ikkje lenger plass til alle Indrebøgdingar, og dei måtte derfor gå i barnehage i Gaupne og på Hafslo.

31. mars 2023 blei det vedteke i kommunestyret at me skulle utvide heile oppvekstsenteret vårt.



Tidlegare bilde av Indre Hafslo oppvekstsenter

Det blei vedteke at det skulle brukast 30 millionar på å byggja. Derfor er oppvekstsenteret vårt i ein stor byggjeprosess akkurat no. Barnehagen har flytta ut av barnehagen, og fått plass på skulen saman med 1. og 2. klasse. Dei eldste elevane har fått klasserom i ungdomshuset Ljosvang. Der har det blitt oppgradert i stor grad på dugnad av bygdfolk. Det er travelt å ha full drift, samtidig som ein er i ein omfattande byggjeprosess. Likevel er det veldig gledeleg at det er så stor vekst i bygda, at me treng meir plass. Me gler oss veldig til det nye bygget står klart i januar 2025. Då aukar me opp til heile 48 plassar når alt står ferdig! Pr dags dato er det 32 barn i barnehagen og 44 elevar på skulen. Ei stor personalgruppe er det også, med ni lærarar og fem assistentar i skulen, og 4 barnehagelærarar og 6 fagarbeidarar/assistentar i barnehagen i tillegg til rektor og assisterande styrar/rektor.



Lambhaug bedehus

Skjolden oppvekstsenter:


Elektrisitet i modellhus



På Skjolden oppvekstsenter har 5., 6. og 7. klasse arbeidd med eit tverrfagleg tema: Elektrisitet i modellhus.

Elevane fekk eit oppdrag dei skulle jobbe med i fleire veker. Oppdraget var at dei skulle bygge eit modellhus og legge straum inn i husa. Det skulle vere minst to lampar i kvart rom. Nokre av lampane skulle vere tilkopla ein brytar, slik at lyset kunne bli slått av og på.

Elevane lærte om elektrisitet og om dei fire hovudfunksjonane for elektrisk straum: gje lys, oppvarming/nedkjøling, bevegelse



og kommunikasjon. Dei lærte òg om ulike typar material, eigenskapar og funksjonar.

Elevane gjorde seg kjende med ulike kopplingar, og kopla saman ulike krinsar med batteri, leidningar, lyspærer og brytarar. I tillegg var det teori om kva straum eigentleg er og om korleis me får straum i husa våre. Dei las, gjorde oppgåver, lærte seg symbol for elektriske komponentar og kopla saman ulike kretsar.

Ein dag var det ein ordentleg elektrikar på besøk. Han hadde bygd ein modellvegg som han hadde med seg. Elevane fekk då sjå korleis det ser ut inni veggane på husa våre. Han fortalte om yrket sitt, korleis han jobbar og korleis ein kan bli elektrikar.

I kunst- og handverkstimane byrja arbeidet med modellhusa. Elevane måtte planlegge og teikne romma, før dei kunne starte med den praktiske bygginga. Kva material dei ville bruke på interiøret måtte vere bestemt, og dei måtte lage liste over kva dei trengte.

Resultatet vart kjempeflott! Mange ulike rom med lys som kunne slåast av og på. Husa vart presentert



og stilt ut på Kulturøkta slik at alle fekk sjå det gode arbeidet.

Etter at husa og det elektriske arbeidet var ferdig, vart det vurdert og godkjent. Avslutninga var ein kahoot-prøve. Elevane var då godkjent som modellhuselektrikarar og fekk eit fortent fagbrev.

Gaupne barnehage:

Dei eldste med tursekken på



Eit aktivt og engasjert arbeid med friluftsliv i barnehagen kan bidra positivt i barns danningsprosess, både for mototikk, helsegevinst og å lære å ta vare på naturen.

Me dreg også med oss alle rammeplanen sine fagområde med på tur. Gaupne barnehagen ser verdien av å nytte friluftsliv som arbeidsmetode.

Me treng ikkje å legge ut på ekspedisjon – friluftsliv handlar også om det nære, enkle og kvardagslege møtet med naturen. For ungane er nok leik den naturlege inngangsporten til friluftslivet – klatre i tre, leike gjøymsel, sjå på småkryp, leike med pinnar, samle på steinar og bygge hytter.

På dei fleste turdagane har ungane sekk på ryggen. Dei har sjølv ansvar for å pakke med seg drikkeflaske, sitjeunderlag og ekstra bytekle om det trengs. I all slags terrenget må vaksne ha ei risikovurdering, og ungane er med på å lære om kva som kan vera farleg



Rammeplanen seier:
«Barnehagen skal bidra til at barna opplev trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Barnehagen skal legge til rette for at barna får gode opplevinga med friluftsliv året rundt.»



på tur. Når me er langs elva må dei halde grensa, når me klatrar opp Gaupneberget må dei halde stien, når dei klatrar opp i tre må dei kunne klatre ned att. Alt dette dannar ein respekt for naturen og kreftene den har. Me vil at ungane skal bli kjent med farar som kan skade dei, men også vise kva det gode naturen har å gje oss og kvifor det er så viktig å ta vare på den.

Naturen lokka oss til utforskning, den gjev oss ny oppdaging og moglegheit til å utfolda oss. Det er lov å bruke høg stemme på tur men møter me ein hest må stemma ned. Det er lov å plukke sund konglar og knekke pinnar, men leitar dei etter insekt og kryp må dei vera varsame og vise respekt. Og ofte googlar me og ungane for å få ei forståing om kvifor akkurat dette insektet er viktig for naturen.

I alle årstider møtar me mange slags dyr langs vegane i Gaupne. Det er hestar som vil helsa på oss og sauver som gjerne vil ha litt gras. Ungane syns det er ekstra stas når våren kjem og forskjellige dyr kjem ut på beite.

Magiske turaugeblikk skapar me året rundt

Me vil – me kan!





Me ser på Skjeret og fuglelivet med kikkert.



Grågås er det
mange av.

Luster oppvekstsenter:

Fuglelivet ved Flahamarskjær



Me leikar trekkfuglar.

Me studerer kart over
Lustrafjorden.



3. og 4. klasse
ved Luster
oppvekstsenter
jobbar for tida med
tema om fuglane på og ved
Flahamarskjær. Skjeret ligg like
utanfor badeplassen på Myrane i
Luster, og er den einaste øya i heile
Lustrafjorden.

Me har lese at her er
observert rundt 25 ulike artar, og
vart veldig overraska over at det
kan vera så mange ulike fuglar
innom denne vesle øya. Kvifor
kjem det så mange ulike fuglar
hit? Kva er det som er så spesielt
med akkurat Skjeret? Til no har
me klart å finne ut litt om ca 13 av
desse artane, og er veldig spente
på om me klarer å finne ut kva for
fuglar dei resterande artane er.

Nokre av artane som er
innom Skjeret, er nær trua artar,
og nokre er til og med raudlista.
Me jobbar med dette temaet på

tvers av mange fag, men nokre av læreplanmåla i naturfag og samfunnsfag er:

- undre seg, stille spørsmål og lage hypoteser og utforske disse for å finne svar
- utforske et naturområde og drøfte bærekraftig bruk av området
- utforske og sammenligne ulike dyre- og plantearters tilpasninger til miljø og levesteder og drøfte hvorfor noen arter dør ut
- utforske og presentere samfunnsfaglege spørsmål, søkje etter informasjon i ulike kjelder og vurdere kor nyttig informasjonen er til å belyse spørsmåla
- beskrive kultur- og naturlandskap i Noreg og samtale om korleis historiske og geografiske kjelder, inkludert kart, kan gi informasjon om landskap

- utforske og gi døme på nokre sider ved berekraftig utvikling
- Me var så heldige å få besøk av Marte Meland som er naturforvaltar i kommunen. Ho kom og var med oss ein halv skuledag, og elevane fekk svar på mange av spørsmåla

dei hadde laga på førehand, både om fuglane og om Skjeret. I tillegg gjennomførte Marte ein leike-aktivitet, som illustrerte godt konsekvensar ved ulike endringar i miljø og levestader til sårbare fuglearter.

Marte Meland fortel og svarer på spørsmål fra klassen.



Infoplakat over 4 av fugleartane ved Skjeret.



Observasjon med kikkert.

I oppstarten av temaet hadde me ein liten ekskursjon for å sjå nærmare på området ved Skjeret, og i skrivande stund har me planlagt ein heil skuledag der me går ut til Myrane badeplass og tilbringer dagen her for å observere, fotografere, teikne og utføre anna aktuelt arbeid.

Me håpar at sluttproduktet vårt vert ein flott opplysningsplakat med diverse fakta om kvar og ein av fuglane, og sjølvsagt mange bilete og teikningar. Arbeidet vårt er planlagt avslutta til sommaren.



Gaupne barnehage:

Relasjonsskapning mellom våre yngste og eldste i nærmiljøet

I Gaupne barnehage har me i mange år besøkt omsorgssenteret for å ha sosial samhandling ilag med dei eldre, men då me blei ramma av Covid-19 blei det brått slutt, og me har ikkje fått opparbeida rutine på besøk etter det blei trygt igjen.

Det var då me fekk sjå arbeidet mange barnehagar gjer

gjennom det landsomfattande prosjektet Livsgledebarnehage, at me blei inspirert til å ta kontakt og lage faste besøk. Det å kunne få erfare og oppleve den gleda som blir ved møte på tvers av generasjonane. Me hugsar godt gode minner frå tidlegare samarbeid, og opplever positivitet rundt at me ønskjer å ta opp igjen kontakten.

Livsgledebarnehage er eit prosjekt med fokus på at eldre skal ha ein god og meiningsfull kvardag, der ein kan komme og glede dei eldre med å vere ilag både sosialt og aktivt.

Samarbeidet starta med ei lita gruppa, som utover våren blei til fleire og fleire som hadde lyst til å bli med. På omsorgssenteret møter me alltid smilande og

glade mennesker i alle alder og forutsetningar, og me opplevde det som veldig givande og kjekt for både små og store. Når me kjem på omsorgssenteret har me vore med på fysisk aktivitet, både med stasjonstrening og treningsopplegg via stor-skjerm. Noko som er stas! Etter økta har me sosial samvær der me snakkar ilag og gjerne ungane slår til med ein mini-konsert av eiga lyst.

Me observerer gode samspel, både med latter og prat. At ein ballong kan vere like moro for dei eldste som dei yngste.

Me ser fram til vidare samarbeid, og gler oss over å få vere med å lage rom og tid til å skape gjensidige relasjonar på tvers av generasjonane.



SIRKUS

i Veitastrond barnehage!

Det ligg noko fargesprakande og spanande knytt til ordet – og innspela frå barna var ikkje få!


Vår eiga sirkusforestilling! «Er det i morgen?» – «Kven skal sjå på oss?» – «Eg kan ta med klovnekostyme!»

Denne våren har Veitastrond barnehage hatt sirkus som tema. Me starta med å sjå korleis ein ekte sirkusfamilie har det, og dette gav fort inspirasjon til øvingar og leik. Plutseleg var barnehagen full av små akrobatar. Spagatgåing, stupe kråke, stå på ein fot – ja, triksa var mange, og barna kunne knapt vente med å få syna seg fram!

«Og så må me jo ha ei LØVE!»
«Og ein einhjørning!»

Det var tydeleg at barna hadde klare tankar om korleis dei ville ha det, og barnehagen måtte oppgradere kostymeutvalet sitt.

I månadane som følgde har me leika, turna og sunge. Me har lest mange bøker om sirkus, og har lært at det er viktig å feile – for å lære



Ei ballerina og ei løve som er klar til å gå i elden!



Ein blid liten klovn.

Så, etter mange timer med øving, feiling og meistring i gymsalen, fekk barna endeleg ha sirkusforestillinga si med skulen som publikum! Og kven veit, kanskje får me besök av eit ekte sirkus ein dag?



Viktig med tunga rett i munnen.





Skjolden oppvekst:

Livet på garden

Sidan nyttår har Skjolden oppvekstsenter, barnehage, jobba med temaet livet på garden. Barna veks opp i eit nærmiljø med jordbruk og dei er opptekne av dyr. Leik med dyr og traktorar er ein daglegdags aktivitet både inne og ute i barnehagen.

I Rammeplan for barnehagen står det under fagområdet natur, miljø og teknologi at barna skal få kjennskap om dyr og dyreliv. Me lærer enkle fakta om dyra, har formingsaktivitetar og ser på konkretar. Me har blant anna laga ein hest av pallar, ruga ut kyllingar i rugemaskin, sett på klipping av sau og lammefødsel. Naturrettleiar Christine kom på besøk frå Breheimssenteret i Jostedal. Ho fengja barna ved å ha med ein utstoppa jerv

og fortelje om den. Barna kjener til dette dyret som eit dyr som drep sau. Kjekt å få ei anna vinkling av det å drive med gard og dyrehald.

Våren er komen til Skjolden, og me går mykje på tur. No håpar me å sjå mange av husdyra me har snakka om ute.





Elevar frå 9. trinn ved Luster ungdomsskule deltek på kurs om sjølvberging og livredning.



Trygg i vatn

– 9. trinn hoppar på fjorden

For andre året på rad har 9. trinn ved ungdomsskulane i kommunen delteke på Redningsselskapet sitt kurs om sjølvberging og livredning i sjå, «Trygg i vatn».

Kurset er laga for å møta kompetansemåla som er sett for skulane på ungdomssteget. Føremålet med kurset er å gje elevane betre føresetnader for å berga seg sjølv og andre dersom det

skulle skje ei ulykke i eller ved vatn. Saman med det praktiske kurset følgjer det også med eit e-kurs med tema som drukning, sjølvberging, livredning, hypotermi, hjarte- og lungeredning, sideleie og alarmering.

Oppmøtet på «Trygg i vatn»-dagen var på kaien i Marifjøra der elevane fyrst fekk demonstrasjon av hjarte- og lungeredning før dei skifta til våtdrakter. I løpet av


økta i Marifjøra utførte elevane ulike aktivitetar både på land og i sjøen som til dømes tryggleiks- og risikoanalyse, øva på å kasta livbøye, sjølvberging i sjø og redning opp til kai/båt.

Lærar i kroppsøving Stian Kvalsøren ved Luster ungdomsskule tykte økta var god: «Dette var eit veldig bra opplegg der elevane fekk utfordra seg både mentalt og fysisk. Det er mykje god og viktig læring i desse øvingane. Inntrykket mitt er at elevane var fornøgte etter dagen.»

Luster kommune har saman med Aurland, Lærdal, Vik og Årdal kommune inngått avtale med Redningsselskapet slik at dette vert ei årvisse øving for elevane på 9. trinn. Øvinga føregår tidleg på våren når det er kaldt vatn i fjorden, slik at øvinga vert realistisk. Skulane må stilla med to lærarar. Elles stiller Redningsselskapet med alt av utstyr inkludert våtdrakter til alle elevar og engasjerte og dyktige instruktørar.



Lars testar pumptrack.



PUMPTRACK på Luster Idrettspark



Sykling, både terregn- og landevegssykling, har blitt stadig meir populært i Luster, og dette speglar seg i ønskja om aktivitet som me får frå medlemane våre. IL Bjørn har derfor store ambisjonar om å på sikt organisera sykkelaktivitetar, og me trur at eit slikt anlegg vil bidra til å stimulera denne interessa.

Plassering og utforming

Sykkelbana er plassert på den gamle kunstgrasbana, nærmare bestemt på delen nærmast skulen. Dette området var uansett nedslitt og trong fornying, så plasseringa av den nye pumptracken her er ideell. Anlegget ligg vegg i vegg med Gaupne skule og blir ein del av inngangsporten til Gaupne sentrum frå vest.

Kva er ein pumptrack?

Ein pumptrack er ein sykkelbane som består av kular, doserte svingar og hopp. Namnet kjem av teknikken ein brukar for å skape fart på sykkelen, nemlig "pumping". Dette anlegget er perfekt for leik, eigenorganisert aktivitet, og fungerer som ein sosial møteplass i nærmiljøet. Det er òg ein flott arena for læring og rekruttering innan terregnsykling, og kan nyttast til organisert trening og konkurransar.

Bruk av pumptracken

Ungdomen sitt kommunestyre har i sitt innspel til kommuneplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv klart uttrykt ønske om ein pumptrack i Gaupne. Skulane har òg signalisert stor interesse, både

som ein arena for sykkelopplæring og som ein ressurs for å forbetra elevane sine dugleikar. Erfaring frå andre stader viser at slike anlegg blir flittig brukt av folk i alle aldrar, både på dag- og kveldstid.

Vi reknar med at anlegget vil bli brukt om lag 12 timer om dagen, sju dagar i veka, dersom vi held det snøfritt om vinteren. Brukspotensialet er mellom 50 og 100 brukarar dagleg.

Kommunale planar

Luster Idrettsråd, som representerer idretten i heile kommunen, har prioritert dette anlegget som er inkludert i den kommunale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Aktuelle brukarar

Ein pumptrack er designa for sykling, rulleskøyter, sparkesyklar og liknande aktivitetar. Anlegget er tilpassa ulike aldersgrupper og ferdigheitsnivå. Heile området har flombelysning, noko som aukar den potensielle brukstida.

Kvifor er dette viktig for IL Bjørn og Luster kommune?

Fysisk inaktivitet er ei aukande helseutfordring, og eit pumptrackanlegg kan bidra til å motverka dette. Tidlegare erfaringar viser ein auke på 25% i talet på syklistar etter oppretting av slike anlegg. Dette styrkjer sykkel- og balanseferdigheitene hjå barn og unge, aukar trafikksikkerheita og fremjar miljøvennleg transport.

Pumptracken vil ikkje berre vera ein arena for fysisk aktivitet, men òg ein viktig sosial møtestad for lokalsamfunnet. Familiar, vener og naboar kan samlast for å delta i aktivitetar og ha det gøy saman. Dette styrkjer samhaldet og byggjer sterke sosiale bånd, noko som er avgjerande for eit sunt lokalsamfunn.

Ei sykkelbane er ettertrakta og ynskt av mange, og vil vera eit verdifullt supplement til både fritidsaktivitetar og skuleaktivitetar. Med ein pumptrack legg vi til rette for at folk kan utfalda seg på sykkel samtidig som dei er i nærleiken av

Sykkelbana ligg sentralt i Gaupne.

andre aktivitetar. Aktivitet skapar aktivitet, og dette prosjektet er ein positiv investering for helsa og trivselen i lokalsamfunnet vårt.

Samarbeid og framtid

Eit breitt spekter av interessentar, frå ungdomens kommunestyre til skular og ein engasjert lokalbefolking, har uttrykt behovet for dette anlegget. Den positive responsen understrekar at etableringa av ein pumptrack ikkje

berre vil møta etterspurnaden etter fysisk aktivitet, men òg fungera som ein sentral sosial møteplass.

Pumptracken vil bidra til å motverka den aukande utfordringa med fysisk inaktivitet i samfunnet. Med dokumentert suksess andre stader, ser vi føre oss at dette anlegget vil styrkja sykkel- og balanseferdskapane hjå barn og unge, auka trafikksikkerheita og fremja miljøvennleg transport.

Lars, Daniel og Mats godkjenner bana.





Alle er fornøye med fornyna partnaravtale. F.v. Gry Høyheim (ViteMeir), Knut Åge Teigen (Luster kommune), Jermund Lien Molland (Luster Sparebank) og Åse Neraas (ViteMeir).

Skulane og barnehagane i Luster:

Fornya avtale med ViteMeir

Kommunestyret vedtok i møte 11. april å fornyna bruksavtalen kommunen har med ViteMeir – Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS. Bruksavtalen inneber at det er mogleg at kvar klasse i Lustraskulen får eitt besøk på ViteMeir per år. I tillegg får også dei eldste barnehagebarna, dei som skal byrje i skulen til hausten, tilbod om å vitja ViteMeir.

ViteMeir-senteret opna i november 2021 og har vore eit populært tiltak som supplerer opplæringstilbodet i Lustraskulen og Lustrabarnehagen. Rektor Elisabeth Alme ved Veitastrond oppvekstsenter er begeistra for avtalen kommunen har med ViteMeir:

Stor stas å køyra politimotorsykkel!



«Dette er eit fantastisk tilbod som elevane alltid gler seg til. Opplegga til ViteMeir inspirerer til kreativitet og skaparglede, og elevane snakkar om det lenge i etterkant. Særleg populært ballrommet med skjerm og det å køyra lastebilsimulator.

Også kommunalsjef oppvekst Knut Åge Teigen er begeistra: «ViteMeir er ein viktig del av opplæringstilbodet for elevane i Lustraskulen. Å ha eit slikt tilbod regionalt gjer opplæringa rikare, meir variert og praktisk.»

For lærarane sin del gjev ViteMeir-besøka inspirasjon til opplegg me kan nytta oss av i eiga undervising. ViteMeir gjev oss enorme moglegheiter når det gjeld å sjå korleis teori fungerer i praksis, noko som gjev elevane ei større forståing og forhåpentlegvis varig læring. Dagane på ViteMeir er først og fremst for elevane, men jammen kosar me vaksne oss òg.»

Sponsing av buss

Det å frakta alle elevane i Luster fram og attende til ViteMeir-senteret på Kaupanger er ganske dyrt.



Mykje å finne ut av Veitastrond oppvekstsenter på ViteMeir-besøk.

Ein del av transportkostnaden vert dekkja gjennom den årlege betalinga fra kommunen som bruksavtalen regulerer. Resterande del av transportkostnaden vert sponsa av Luster Sparebank som sidan oppstarten har hatt ein partnaravtale med ViteMeir. Også

denne avtalen er fornya, noko Luster kommune er takksame for.

I samband med fornyinga av partnaravtalen, uttala banksjef Jermund Lien Molland i Luster Sparebank at: «Luster Sparebank ynskjer å bidra til å gjere det enno litt betre å bu og leve i lokalsamfunna me er ein del av. Å ha eit vitensenter i regionen vår som eit tilbod til både elevar og andre innbyggjarar er med på å bidra til dette, i tillegg til at det er eit attraktivt tilbod for besökande til regionen vår. Som lokalbank er det difor spesielt kjekt å vere med å supplere det gode opplæringstilbodet på skulane i Luster kommune med å bidra til at elevane kan besøke ViteMeir. ViteMeir gir elevane inspirasjon gjennom å tilby variert og leikande læring, noko me veit at elevane set stor pris på.»



Også tid for samtale og diskusjon på ViteMeir.

«Fire vear til robuste barn»

– temakveld med
Line Marie Warholm

Føresette og tilsette som arbeider med barn og unge i Luster - og Sogndal kommune fekk mandag 22. april oppleve eit inspirerande foredrag av psykologspesialist og forfattar Line Marie Warholm. Hovudtema var korleis vi skal gjere barna våre meir robuste og i stand til å tolle dei utfordringane som livet bringer?



Ordføraren klipper snora.



Ressursgruppa.



Sephora og Sunniva fra ressursgruppa fortel om eigne erfaringar.

Lansering av ny nettstad

Ungdom frå prosjektet Livsmeistring – robuste barn og unge leia kvelden og ordførar i Luster, Andreas Wollnick Wiese, og varaordførar i Sogndal, Gunnhild Olstad Bøyum, markerte opninga av den nye nettstaden meistrelivet.no

Tydelege råd frå Warholm

Warholm ga perspektiv på kva som eigentleg betyr noko gjennom barneåra og ynskjer at vi vaksne skal reflektere og bli meir bevisste på kva slags forelder vi vil vere.

I føredraget ga ho nokon tydelege råd og bodskap:

- Vi treng ei endring frå å løfte fram individet til å løfte fram det kollektive – og frå å prestere til å bidra
- Vi må lære barn og unge å inkludere. Viiss vi vil ha barn som tek ansvar for å invitere andre barn inn, kan dei ikkje berre tenke på seg sjølv.
- Barna treng ei solid, indre kjerne som står stødig i ei omskifteleg tid
- Løft blikket, ikkje fokuser på detaljane, men konsentrer deg om det viktigaste: Å lære barnet ditt sjølvstendig tenking, tole utanforskap og å fylle livet med mening gjennom å bidra
- Barn må få prøve seg på eiga hand og la dei få løyse situasjonar dei kjem i utan ei oppskrift frå oss vaksne. Dei aller fleste hendingar gir barn og unge moglegheiter for vekst og utvikling
- Foreldre er nøydd til å ta eigne val. Det som passar for ein familie, passar ikkje nødvendigvis for ein annan. Kva passar for deg og familien din?
- Gode råd kan ikkje ta vekk behaget du som forelder må stå i når du har barn som møter utfordringar
- Ta ungdomstida meir på alvor. Det er ein stor jobb å gå frå det å vere ungdom til å bli voksen. Vi må tole det i møte med ungdommen.
- Vaksne må støtte kvarandre i å sette grenser for barna
- Tole barna sine kjensler, tola at dei vert sinte
- Det er seg sjølv barn og unge skal like, ikkje oss vaksne. Å vera forelder eller lærar er ingen popularitetskonkurranse



"Livsmeistring – robuste barn og unge" er eit samarbeidsprosjekt for Luster- og Sogndal kommune og er ein del av den nasjonale satsinga «Program for folkehelse». Prosjektet er no inne i ein fase der skulane og barnehagane prøver ut konkrete tiltak.

Livsmeistring på timeplan

I skuleåret 24/25 skal 6 skular i kommunen vere pilot for tiltaket «Livsmeistring på timeplan». Elevane skal få ein time i veka med undervisning i Folkehelse og livsmeistring. Eigne kartleggingar og læreplanverket (LK20) er styrande for val av tema.

Dette skuleåret har vi prøvd ut fleire tverrfaglege undervisningsopplegg på ungdomsseget med tema som: å ta gode val, gruppepress, meistringsstrategiar, sosiale media og rus. Positive tilbakemeldingar frå tilsette og elevane sjølv gjer at deler av undervisningsopplegget skal vidareførast til neste år som ein del av piloteringa.

Seksualitetsundervising

Ungdommen sjølv ynskjer betre seksualitetsundervising med små drypp gjennom heile skuleløpet. Forsking viser at det er viktig med små drypp med seksualitetsundervising gjennom heile skuleløpet for at elevane skal få eit best mogleg utbytte av undervisinga. Ei ny studie frå OsloMet viser at ein av fire ungdommar rapporterer om seksuell vold i løpet av oppveksten (Frøyland,

L.S., Lid, S., Schwencke, O.E. & Stefansen, K. (2023). Det tek i gjennomsnitt 17 år før barn fortel om det dei har opplevd. Kunnskap om kropp, grenser, positiv seksualitet, kva som er lov og kva som ikkje er lov å gjøre med kroppen kan bidra til at fleire barn og unge fortel. Det vil og hjelpe barn og unge til å vite kvar eigne grenser går. Dette vil vere ein viktig del av undervisinga i livsmeistring på timeplan.



Hjartesamling

I vår hadde NOK. Sogn og Fjordane kurs for tilsette i barnehage og helsestasjon i «Hjartesamling». Det er ein metode for å gje barn eit språk og verktøy til å kunne fortelje om det som er vanskeleg. Sentrale tema er beröringar, kjensler, vennskap, hemmelegheter og kroppen. Det er ein god metode som barnehagane kan bruke i samtalar med barna for å gje dei kunnskap om desse viktige tema. «Hjartesamling» gir barnehagane eit godt system på korleis dei kan jobbe med dette slik

at barn blir i betre stand til å beskytte seg sjølv, seie ifrå og respektere andre sine grenser.

Systematisk foreldresamarbeid

I Sogndal skal eigen plan for barnehage/skule-heim-samarbeid bli utarbeida. Foreldrerolla og samarbeidet med barnehage/skule har mykje å seie for at barn skal bli robuste. Ein felles mal for til dømes foreldremøte vil gjøre at foreldremøta ikkje berre er informasjonsmøte, men inneheld aktivitet, dialog og det at foreldre blir kjende med kvarandre. Etter kvart er målet at Luster- og Sogndal kommune skal dra nytte av kvarandre sine erfaringar i tiltaksperioden. Det er ein fordel at vi kan prøve ut ulike tiltak og sjå kva nytte ein kan dra av det i den andre.

Lansering av ny nettstad

Nyleg har prosjektet lansert ein ny nettstad, meistrelivet.no. Denne er utarbeida i samarbeid med Gasta design & kommunikasjon AS. Alt av materiell som vert laga og prøvd ut i prosjektet skal ligge fritt tilgjengeleg her. Er du nysgjerrig på kva prosjektet jobbar med kan du sjekke ut nettstaden.

Referanse:

Frøyland, L.S., Lid, S., Schwencke, O.E. & Stefansen, K. (2023). *Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007–2023*. Henta frå: <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/11250/3083676/NOVA-Rapport-11-2023>.



5 kjappe med UK-medlemmar



**Lorentz
Waagsbø Wiese**

Kva er det beste med å vere med i UK?

- Det beste med å vere med i UK er å lære om korleis alt i kommunen fungerer.
- Kvífor er det viktig for deg å engasjere deg som ung?*
- Det er viktig fordi unge veit betre kva som er best for oss enn det vaksne gjer.

Er det nokre tiltak du meiner kan gjere kommunen til ein betre stad å vekse opp for ungdom?

- Fikse bussrutene og sørge for at barn og ungdom trivst på skulen.

Kva erfaringar sit du att med etter din periode i UK?

- At det er viktig å vite korleis alt fungerer for å kunne gjere ei endring.

Vil du anbefale andre å bli med i UK?

- Eg vil anbefale andre å bli med fordi det er interessant og fordi man kan få nye vener.



**Ingrid Johanne
Kvalen**

Kva er det beste med å vere med i UK?

- Ein får lære mykje om kommunen og me vert kjende med mange engasjerte ungdommar.
- Kvífor er det viktig for deg å engasjere deg som ung?*
- Det er viktig at me unge engasjerer oss. Svært mykje av det som skjer i kommunen gjeld barn og ungdom.

Er det nokre tiltak du meiner kan gjere kommunen til ein betre stad å vekse opp for ungdom?

- Ha gode møteplassar der ungdom kan møtast, gjerne uorganisert.

Kva erfaringar sit du att med etter din periode i UK?

- Veldig positivt. Det er kjekt og inspirerande å vere ein del av UK.

Vil du anbefale andre å bli med i UK?

- Ja, absolutt.



**Hans Fredrik
Moe**

Kva er det beste med å vere med i UK?

- Det beste med å vere med i UK er å få vere med å påverke framtidia til lusteringane. Det er også kjekt å få lære om dei politiske prosessane me har i kommunen.

Kvífor er det viktig for deg å engasjere deg som ung?

- Eg som ungdom har andre erfaringar og eit anna perspektiv en dei eldre, som eg tykkjer er viktig å få fram.

Er det nokre tiltak du meiner kan gjere kommunen til ein betre stad å vekse opp for ungdom?

- Eg meiner «Heim for ein femtilapp» er eit bra tilbod som eg synest fleire ungdommar burde nyte seg av. I tillegg ønskjer eg at kollektivtilbodet blir betre.

Kva erfaringar sit du att med etter din periode i UK?

- Eg har lærd meir om dei politiske prosessane me har i kommunen og eg har blitt kjend med dei som styrer i kommunen.

Vil du anbefale andre å bli med i UK?

- Det er ei lærerik og kjekk erfaring som eg anbefaler alle å prøve.



Ung Kultur Møtast (UKM) er eit arrangement der ungdommar kan dela og sjå på ulike kulturelle bidrag. UKM blir arrangert i mange ulike stader i heile landet. I år vart lokalmønstringa for Luster og Sogndal kommune arrangert i Sogndal kulturhus 3. mars. Det var 4 bidrag frå Luster kommune (Alex Olai Sjøthun (dans og konferansier), Lena Stegegjerdet (kunst), Louise Klinbajl Kjellevold (kunst) og Aleksander Heltne (musikk og arrangør)).



Og alle kom vidare til fylkesfinalen i Førde.

Er du mellom 10 og 20 år og har lyst til å visa fram noko på ei scene, meld deg på lokalmønstringa neste år. Mange deltek med ulike former for musikk, men UKM handlar

også om dans, visuell kunst, teater, litteratur, film, design, akrobatikk, matlagingskunst og ulike former for ung delaktigheit, som arrangør, fotograf, konferansier eller teknikar. Det er eigentleg berre fantasien som set grenser.

Meir informasjon om UKM finn du på UKM.no



Trivest som lærling i kommunen og på SFO

Hilde Joranger er lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget.
Som lærling har ho vore både i barnehage, på skule og på SFO.
Forutan eit halvt år ved Gaupne barnehage har Joranger vore det meste av lærlingetida ved Gaupne skule. Nedanfor fortel Joranger om kva ho likar ved barne- og ungdomsarbeidarfaget og framtidsplanane sine.

Kva likar du best med barne- og ungdomsarbeidarfaget?

– Det beste med barne- og ungdomsarbeidarfaget er å få oppleva barn si meistring og sjå korleis dei utviklar seg. Det å kunne jobbe med og hjelpe barn som treng ekstra støtte, og også vere ei støtte for deira føresette, er veldig givande. Det er ingen dag som er lik, og eg tykkjer det er kjekt å ha mange ulike og varierte arbeidsoppgåver. Eg er i hovudsak i 1. klasse og på SFO, men går inn andre stadar når det trengst. Eg tykte det var veldig kjekt å få brukt kompetansen min som danseinstruktør til å gjennomføre eit

danseopplegg med fleire klassar på mellomsteget.

Du har vore lenge i praksis på SFO. Kva er spennande med SFO?

– Det spanande er at me kan gjere så mykje forskjellig, spesielt på SFO i feriane. Me kan t.d. reise i Lustrababet, reise til fjells eller ta ein tur på dei ulike stiane i bygda, vere ute med ulike vinteraktivitetar, danse i aulaen, ha frileik, lage mykje forskjellig mat og bake. Me har fokus på å gje barna mange ulike matopplevelsingar og gjerne introduserer dei for ny mat. Me markerte samane sin nasjonaldag med å lage gahkko, samisk brød.

Korleis er det å vera lærling i Luster kommune, synest du?

– Det er veldig givande og kjekt. Det er berre å spørje foreldra mine, dei har berre hørt skryt frå meg om dette! Lærlingane får god opplæring, både på arbeidsplassen og hjå Sogn Opplæringskontor. Dei fleste vel å ha den lengste perioden i læretida si i barnehage. Eg var frå byrjinga av



fast bestemt på at eg ville ha lengst tid på skule, og det er det beste valet eg har gjort. Eg vil anbefale andre til også å ha lengre praksis i skule for å få eit enno betre innblikk i korleis det er å jobbe der.

Kva har du lyst å gjera når du er ferdig som lærling?

– Planen er å gå vidare på påbygg i Årdal. Eg ynskjer å bli lærar og halde fram med å jobbe i skulen. Det er veldig trygt å ha eit fagbrev i botnen, då har eg alltid noko å falle tilbake på. Eg er glad for at eg valde Y-vegen. Lærlingtida har gitt meg mykje praksis og erfaring, og eg har lært mykje om born si utvikling frå 0-18 år. Gjennom læretida mi har eg også jobba tett på elevar med ulike diagnosar. Alt dette trur eg vil vere til veldig god hjelp når eg går vidare til lærarstudiet.



Motorsportanlegga på Leirmoøygarden

Planane for bygging av anlegg for sykling og motorsport fekk topp prioritet av kommunestyret i vinter(2023-24) og etter ei siste oppdatering av tekniske planar kan utbyggingsfasen no endeleg sjå ein ende. Motorsportgruppa i I.L Bjørn har jobba fram plan for utbygginga av motorsportanlegga Knattecross, Enduro, Trial og Motorcross C for heilårsaktivitet. Anlegget for Motorcross er no også dimensjonert for køyring på is og snø. Prosjektet er i skrivande stund ikkje formelt opna for aktivitet, men Lustranytt er informert om at det er planlagt opning i sommar (2024).

Hafslo barne- og ungdomsskule – ein LU-skule!

Hafslo barne- og ungdomsskule er ein LU-skule, det vil seia ein lærarutdanningsskule, noko som inneber eit utvida og forpliktande samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Denne LU-statusen har skulen hatt dei siste fire åra, og no har skulen fått fornøya tillit også i dei neste fire åra.

Å vere ein lærarutdanningsskule eller lærarutdanningsbarnehage er ei unik moglegheit til å rekruttera gode lærarar, få hjelp til forskings- og utviklingsarbeid og til å arbeide langsiktig med dei nye krava som stillast som aktør i lærarutdanninga. Samtidig er me med på å synleggjere praksisfeltet sine kunnskapar og kompetanse.

Me er stolt av skulen vår! Alle pedagogane hjå oss har godkjent lærarutdanning, fleire har masterutdanning, me kan ta imot minst 30 studentar, her er mange pedagogar med rettleiingskompetanse, og romsituasjonen er god, med velutstyrte fagrom og flott uteområde. Dette var nokre av kriteria som gjorde at me fekk fornøya tillit som LU-skule.

I kollegiet er det brei semde om å ta imot studentane på ein profesjonell og lærerik måte. Dei skal føle seg velkomne og sett. Det er alle sine studentar, me jobbar som regel i team og det å ta kontakt, rettleie, prate med dei, er sjølvsgart.

Vi legge til rette for utprøving og modellering av undervisning i skulen. I løpet av eit år har me mange studentar frå ulike utdanningsinstitusjonar innom skulen. Det vere seg barnevern, sosionom og praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) i tillegg til grunnskulelærar-studentar.

Det har vore alarmerande låge søkeratal til høgskulen dei siste åra. Praksissjokket, som ein ferdig utdanna lærar opplever, kan vere medverkande til at dei



F.v. Sesilie Leikanger (teamleiar 8.-10. trinn),
Kari Merete Henjum (inspektør),
Hilde Holte Selland (rektor),
Sonja Rutledal (teamleiar 1.-4. trinn og
lærarutdanningskontakt),
Ingunn Brekke Hatlevoll (teamleiar 5.-7. trinn).

etter nokre år søker seg inn i andre yrke. Skular som ligg litt utanfor allfarveg kan ha vanskar med å skaffe kvalifiserte lærarar. Vi er med på å skape ein skule som er praksisrelevant, det skal ikkje vere to adskilte arena der ein ikkje veit om kvarandre. Me håpar at ved å vere ein god lærarutdanningsplass vil studentane sjå verdiane ved å jobbe i Luster og bli verande her etter endt utdanning.



Skjolden oppvekstsenter:

Ny rektor/styrar

Lone Amundsen er tilsett som ny rektor/styrar ved Skjolden oppvekstsenter frå og med 1. august 2024.

Amundsen er 42 år og bur i dag i Vesterålen. Av formell utdanning har Amundsen tre år frå allmennlærarutdanning med mellom anna faga norsk, matematikk og kunst og handverk. Amundsen har arbeidserfaring frå skule og frå kunstgalleri. Ho er sjølv utøvande kunsthåndverkar og har hatt utstillingar i inn- og utland. Vidare har Amundsen kjennskap til fældet skule som forelder, styremedlem i Montessoriskule og FAU-leiar.



Amundsen er frå Nord-Noreg, men kjenner Sogn då ho har familie i Øvre Årdal og har hatt mange sommarferiar der. Sjølv har Amundsen følgjande kommentar til tilsetjinga: «Eg gler meg til å bli kjent med bygda og alle som bur der – ikkje minst til å bidra i utviklinga av Skjolden oppvekstsenter som ein trygg stad å lære og vekse som menneske, både for barn og vaksne.»



Edwin Hjelmhaug er tilsett i 20 % prosjektstilling som communal ressurslærar. Hovudoppgåvene er rettleiing, mellom anna for nyutdanna lærarar og lærar på 1.-4. trinn, og koordinering av lokale fagnettverk. I resten av stillinga si er Edwin lærar ved Gaupne skule.

Om den nye stillinga seier Edwin: «Eg gledar me veldig til

å byrje i stillinga som ressurslærar i Luster kommune. Det vert spennande å kome nærmare dei tilsette på dei ulike skulane, og forhåpentlegvis motivere og inspirere dei i deira skulekvardag. Eg håpar eg kan bidra til utvikling, og at eg sjølv også utviklar meg med oppgåvene som står føre.»

Endringar på Helse- senteret

I takt med at tenestene har endra seg og me har blitt fleire tilsette på Helse er det gradvis blitt for trangt og for liten plass på Helsesenteret. Me såg at dette gjekk ut over den daglege drifta og gjorde arbeidskvardagen utfordrande.

Det har difor vore nødvendig å gjøre nokre endringar, slik at Helsesenteret kan fungere i enno nokre år framover. Tenestekontoret har no flytta ut og fått nye lokale på Pyramiden. Me har gjort interne kontorbytter og i løpet av våren vil Helsestasjonen flytte opp i 2. etasje. Legekontoret vil då etter kvart få betre plass i 1. etasje. Me beklagar dei ulempene dette måtte medføre for innbyggjarane.



Rocket-Man Luster



Hausten 2023 starta ein avdeling av konseptet Rocket-Man i Luster. Dette er eit fritidstilbod for ungdom med fokus på meistring, tilhøyrslle og tryggleik. I Rocket-Man får ein moglegheit til å vere med på mange ulike spennande aktivitetar ilag med andre ungdommar og unge vaksne. Me er godt i gang og har gjort mykje kjekt i lag. Me har vore å klatra, grilla, vore på skyting med Luster jakt- og fiskelag, vore i lag på ungdomsklubben, og Førdetur med trampolinepark og bowling. No håpar fleire ungdommar, aktivitetsguidar og trygge vaksne ønsker å vere med!

Ønskjer du å bidra eller vere med i Rocket-Man Luster?

Aktivitetsguidar:

Unge vaksne (ca. 18-30 år) som vil vere med på ulike aktivitetar saman med ungdom vekentleg – både fellesaktivitetar og individuelle aktivitetar.




Trygge vaksne:

Frivillige som vil bidra med det dei ønskjer – køyre til aktivitetar, lage mat, bidra i planlegging m.m.

Ta kontakt på
luster@rocket-man.no ved
 spørsmål eller ønskje om å bidra!

For meir informasjon sjå:
www.rocket-man.no



Folkehelse

Stolpejakta 2024

IL Bjørn, IL Fanaråk, Hafslo IL, Veitastrond IL og Luster IL i samarbeid med Luster kommune, ønsker deg velkommen til Stolpejakta i Luster 2024.

Stolpejakta i Luster er eit gratis lågterskeltilbod for alle! Her jaktar du stolpar i ditt nærmiljø – og du kan sjølv velje om du vil gå, sykle eller springe for å finne stolpane. Mange av stolpane kan også nåast med rullestol. Det er eit flott opplegg for skuleklassar og SFO å nytte seg av.

Til saman er det 110 stolpar ute – omlag 20 stolpar knytt til kvar idrettslag sitt område. Nokre av stolpane er i nærleiken eller ganske like som i fjar, mens andre stolpar er på heilt nye stader.

Me ber deltagarar i Stolpejakta om å unngå å køyre bil inn i bustadfelt for å registera stolpar. Parker på egna plass og gå til stolpane. Ta også omsyn til privat grunn – gå rundt, ikkje gjennom hagar, gardsrom, private parkeringsplassar og liknande.

Brosyra finn du no i Infotorget på Rådhuset i Gaupne - elles er den lagt ut på Facebooksida, Stolpejakta i Luster.

Premiar i 2024:

10 gåvekort på Pyramiden senter i Gaupne.

I år blir det trekt 4 gåvekort blant dei over 18 år og 4 gåvekort for dei under 18 år - 2 gåvekort blir trekt i ein biletkonkurranse på Instagram. (Viktig at det blir lagt inn fødselsår på alle brukarar slik at alle blir med i trekninga).

God stolpejakt!

Følg oss på:



Stolpejakta_i_Luster



Stolpejakta Luster

S STOLPEJAKTEN
LUSTER



Ferieaktivitetar

vinter 2024

I vinterferien vart det arrangert gratis vinteraktivitetar for barn og unge. Det var Vinterdag i Sogn skisenter og Aktivitetsdag på Fjordstova for 4.-7. trinn. I skisenteret starta det å regne, men det stoppa ikkje tøffe skikøyrarar. Det vart servert pizza i kaféen som ei avslutning på ein bra dag. På Fjordstova fekk deltagarane prøve mykje forskjellig; bading, aktivitetar i hallen, klatring og miniatyrskyting. Til lunsj serverte Fjordstova deilig tomatsuppe med focaccia.

For 8.-10. trinn var det lågterskel topptur som stod på programmet. Turen gjekk til Leirdalen og oppover mot Grøndalseggi. Det var flott vær og mykje god snø. Vi åt lunsj samla, og etter lunsj delte gruppa seg i to. Nokon ble igjen på lunsjplassen for å laga hopp, mens dei andre gjekk ein litt lengre tur. Deltakarane hadde moglegheit til å låne seg toppturutstyr frå Luster Turlag. Det var også to dagar med ungdomsklubb; ein dag med grilling på Hafslo, og ein dag med open klubb i Gaupne.



*Arrangørar:
Luster kommune
og Luster
Frivilligsentral
i samband med
Luster Turlag,
Fjordstova og
Sogn skisenter.
Støtta økonomisk
av Vestland
Fylkeskommune.*

Ungdomsklubbane i Luster

I vinter og vår har det vore høg aktivitet på ungdomsklubbane i Luster. Her kan ungdommane kome for å mellom anna spele bordtennis, Playstation, dataspel, brettspel, måle, perle eller berre henge med vener. Begge ungdomsklubbane har eit ungdomsstyre som er med på å avgjere kva som skjer på klubbane og korleis dei skal vere.

Etter vinterferien har klubben på Hafslø vore på litt forskjellege plassar pga. byggeprosess. Det har vore på Lyngmo, i kantina på skulen og gymsalen. Me jobbar for å oppretthalde eit tilbod i denne perioden fram til me har eit nytt lokale. I Gaupne er klubben open som vanleg ein gong i veka i dei faste lokala. Mat er viktig for ungdommane og derfor er det mat kvar gong slik at dei kan kome rett frå skulen.



Ungdommane på klubb har vore med å planlegge og arrangere mellom anna halloween på Hafslø, disco i Gaupne og juleverkstad. Det har vore godt oppmøte på temakveldane, og det er om lag 70 ungdommar som brukar klubbane vekentleg. I februar vart det også arrangert kveldskøring i Sogn skisenter for 8. trinn-VGS, med gratis skistyr, skitrekk og pizza og saft. Det vart arrangert av Ungdomsklubbane i Luster, Luster Frivilligsentral og Sogn skisenter. Her var det mange som møtte og hadde ein fin kveld!

Meir informasjon om kva som skjer på ungdomsklubbane og opningstider finn du på:



Ungdom_i_luster



Ungdomsklubbane i Luster



Ungdom i Luster

Friskus – digital aktivitetskalender

Målet med Friskus i Luster kommune er at det skal vere ein plattform der alle kan sjå kva som skjer i kommunen. For å oppnå målet må me saman jobbe for å gjere aktivitetar og arrangement tilgjengeleg på Friskus.

Derfor håpar me at alle lag og organisasjoner vil legge ut sine aktivitetar på FRISKUS. Då får me ein enkel og oversikt over alt som skjer i kommunen.

Du finn god informasjon om Friskus på heimesida til kommunen. Om du treng hjelp eller har spørsmål kring dette ta kontakt med Ingrid Mork Nygård på tlf. 94156230 eller

Ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no



luster.friskus.com

Digital opplæring vinteren 2024

I samarbeid med Luster Pensionistlag har Luster kommune vinteren 2024 hatt tilbod om digital opplæring. Det var mange deltagarar som deltok seks tysdagar på Ungdomsklubben i Gaupne, så mange at det måtte delast i to grupper. Her vart det gjennomført grunnleggande opplæring knytt til bruk av nettbrett, smarttelefon og PC. Korleis laste ned og bruke ulike appar, kva er lurt å ha, korleis logge inn med BankID, logge inn på helsenorge m.m.

Me vil rette ein stor takk til Luster Pensionistlag som initiativtakar og me jobbar for å få til eit liknande tilbod igjen.



Frivilligsentralen



Brukbutikken på Pyramiden senter

Brukbutikken blir drifta av Luster frivilligsentral i samarbeid med 20 frivillige.

Inntektene går til ulike aktivitetar/arrangement, i kommunen vår, i regi av Luster frivilligsentral eller gjerne i samarbeid med andre organisasjonar.

Ta gjerne kontakt dersom din organisasjon ynskjer å samarbeide med oss.



Sommaraktivitetar for barn og unge

Luster frivilligsentral har søkt Gjensidigestiftelsen om økonomisk støtte til sommaraktivitetar og har fått tildelt kr. 225.000 til dette.

Frivilligsentralen i samarbeid med Luster kommune skal gjennomføre fleire dagar med ulike aktivitetar for barn frå 4. til 10. klasse.



Luster utstyrssentral

Utstyrssentralen held til i Pyramiden senter ved sida av brukbutikken. Her kan alle innbyggjarar i Luster låne gratis turutstyr, inntil ei veke om gongen.

Utstyrssentralen er open mandag kl. 08.00 – 15.30 og torsdag kl. 12.00 – 16.30.

Utstyrssentralen er ikkje bemanna desse dagane så ein må avtale eit tidspunkt for lån av utstyr. Dette gjer ein ved å ringe Luster frivilligsentral tlf. 45665954 eller ved å sende

ein e-post til post@lusterfrivilligsentral.no

På heimesida til Luster frivilligsentral kan ein sjå kva utstyr som er til utlån.

Me har også utleige av Packcraft – 2 oppblåsbare båtar. Her gjeld eigne utleigereglar.



Tilrettelagt friluftsliv (Luster)

Tilrettelagt friluftsliv er eit samarbeid mellom NFU Luster lokallag, Luster turlag og Luster frivilligsentral. Målsetjinga er å gje personar som har behov for tilrettelegging gode opplevingar ute i naturen. Deltakarane må ha med følgje/personale. Frivillige er med og tilretteleggjer aktiviteten.

Tilrettelagt friluftsliv blir gjennomført den andre onsdagen i månaden frå kl. 17.30–19.30.

MERK ny tid for aktiviteten!



Frivilligoppdrag

Brukbutikken vår trenger frivillige som kan jobbe på laurdagar kl. 12.00–15.00.

Ta kontakt med Anita på Luster frivilligsentral på tlf. 45665954 eller post@lusterfrivilligsentral.no

Luster frivilligsentral feirar 20-årsjubileum!

Luster frivilligsentral vart stifta 24.09.2004. I løpet av året vil ein markere jubileumet på ulike måtar.

Frivilligsentralen ynskjer utover hausten å gje tilbake opplevingar/arrangement til innbyggjarane i Luster.

Her må ein følgje med på Frivilligsentralen si heimeside og facebook.

Seniortreff hausten 2024

Seniortreff er eit tilbod for deg som bur heime
Stad: **Aktivitetsstova på Gaupne omsorgssenter.**

På treffa er det sosialt samvær, underhaldning og balansetrening, samt servering av eit varmt måltid.

Tidspunkt:

Torsdagar kl 10.00–14.00 på desse datoane:

- 12. september
- 26. september
- 10. oktober
- 24. oktober
- 7. november
- 21. november
- 5. desember

Eigenandel kr 150,- pr. gong.

Transport:

Det blir organisert transport for dei som har behov.

Påmelding:

Påmelding pr. telefon til 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13.00.



Luster kommune er godkjent som

trafikksikker kommune

Den 6. mars 2024 vart det i regi av Luster kommune og Trygg Trafikk gjennomført eit godkjenningsmøte for Luster som Trafikksikker kommune. Luster kommune er etter denne datoan godkjent som trafikksikker kommune. Dette vil i praksis seiia at kommunen har utarbeidd god dokumentasjon til å betra ivareta både innbyggjarane og dei tilsette si trafikktryggleik.

Godkjenningsmøtet starta med at ordførar Andreas Wollnick Wiese ønskte representantar frå Trygg Trafikk og Vestland fylkeskommune velkommen til Luster og rådhuset. Vidare vart godkjenningsordninga "Trafikksikker kommune" presentert av regionsleiar i Trygg Trafikk Vestland, Knut Olav Nestås. Møte gjekk vidare inn i ein diskusjonsfase der representantane frå Trygg Trafikk kommenterte dokumentasjonen administrasjonen i Luster kommune hadde levert inn til Trygg Trafikk. Det vart her også



invitet til diskusjon og spørsmål frå administrasjonen si side. Frå Luster kommune var det her representantar frå avdelingar som helse, oppvekst, teknisk drift og plan til stades. Samtalen mellom administrasjonen og Trygg trafikk må seiast å ha vore gode.

Luster kommune er etter godkjenningsmøtet godkjent

som trafikksikker kommune i tre år. Etter desse tre åra trengst det ein regodkjenninng for å kunna halda fram med å smykka seg med godkjenningsstatusen. Regodkjenningsprosessen er betrakteleg mindre omfattande enn den første godkjenninngna.

Rektor Hilde Holte Selland frå Hafslø barne- og ungdomsskule er glad for godkjenninng:

«Skulen er Hjartesone-skule og gjennom markering og informasjon skal det fremje trygg ferdsel til skulen, til fots og på sykkel. Gjennom aksjonar som refleksaksjon, gå-aksjon, skulebuss-aksjon og sykkelaksjon kan me styrke arbeidet med trafikktryggleiken. For å halde fram arbeidet med å vere ein trafikksikker skule samarbeidar skulen og FAU når det gjeld ulike aktivitetar, aksjonar og om informasjon ut til foreldra.»



Flyktningar i arbeid og praksis

Luster kommune har eit foreløpig vedtak på å busette 50 flyktingar i 2024. Ein ny vurdering vil bli teke i kommunestyret i juni. Regjeringa og kommunen sitt hovudmål for integreringsarbeidet er at fleire

flyktingar skal komme ut og få ei stabil tilknyting til arbeidslivet. Me lever i ei tid då det er eit stort behov for arbeidskraft og vi treng dei ressursane me kan få.



Tetiana er en av 7 ukrainske flyktingar som har fått jobb i sesong på Skjolden hotell. Hun jobbar som kokk og trives kjempegodt.

Vitalii er på ATS i praksis. Andre jobbar på kjøkkenet, vaskeriet, med vedproduksjon, flyttehjelp og grøntarbeid.

Viktoriia jobbar på bakeriet på Spar i Gaupne. Ho starta sommaren for 2 år sidan og trives godt. Arbeidsoppgåvene hennar er blant anna å bake brød og bollar og pakke dei.



Roman og Igor jobbar på Gandrusbakken Etiketter i produksjonen. Dei trives godt i arbeidet sitt.



Anna jobbar i flyktingtenesta på Nav og på Rådhuset. Hun er med på busettinga av nye flyktingar. Hun snakkar russisk og er frå Ukraina. Ho har elles oppfølging av dei som kjem. På Rådhuset hjelper ho til med nye husleigekontraktar og søknader om bu- og straumstøtte.

Språkafé

Alle som treng å lære norsk og som ikkje har anna tilbod kan møte på ungdomsklubben i Gaupne mandagar kl 12.30–14.30 og på Biblioteket torsdag kl 16.00–17.00. Her møtes frivillige og innvandrar for å bli kjent, bruke norsk, utveksle kultur og kvarlagsliv.

Bli med som bordvert! Kontakt Ingelin Andersen, Frivilligkoordinator i flyktingtenesta – tlf 96043875.



CRUISEANLØP SKJOLDEN



I 2024 er Lustrafjorden og Skjolden vertskap for 22 cruiseanløp.

Cruiseskip med passasjertal på inntil 3.740, til skip med under 500 ombord, seglar inn Lustrafjorden. Dette resulterer i rundt 48.000 besökande vil komme sjøvegen til Skjolden i år.

Sky Prinsess var første skipet for cruiseskipsesongen og kom til kai 2. mai med inntil 3.560 passasjerar ombord.

19. september avsluttar skipet *Rotterdam* cruiseskipsesongen for i år.

Oversikt over skipa som anløper resten av sesongen 2024:

Dato	Skip	Brutto tonn	Maks passasjertal
10. juli	Aurora	76152	2050
16. juli	Sky Princess	145281	3560
16. juli	Europa	94950	408
24. juli	Aurora	76152	2050
25. juli	Rotterdam	99836	3152
1. august	Spirit of Discovery	58250	999
11. august	Spirit of Adventure	58199	999
12. august	Arcadia	84342	2388
1. september	Spirit of Adventure	58199	999
14. september	Aurora	76152	2050
19. september	Rotterdam	99836	3152



Hund og sauaversjon

Luster Jakt og Fiskelag har i over 30 år utført aversjonstrening med godkjente instruktørar. Årets trening blei gjennomført i Engjadalen den 3. juni, der bileta vart tekne.

Det vart testa 4 hundar, der 3 har vore testa tidlegare og har sauereinhetsbevis

Den nasjonale bandtvangen varer ifrå 1. april til og med 20. august. Luster kommune har gjennom ei eiga forskrift bestemt at bandtvangen er frå 1.april til og med 1. november i dei områda der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar. Det er viktig å merka seg at denne forskriften gjeld ikkje for hundar i arbeid og trening, slik som for eksempel gjetarhundar, i tenestearbeid, ettersök, jakt og så vidare.

I tillegg kan rådmannen innføra ekstraordinær bandtvang for heile eller delar av kommunen for å verne vilt og bufe dersom tilhøva tilseier at der naudsynt.

Norges Jeger- og Fiskeforbund har i mange år nytta elektrisk dressurhalsband i aversjondressur på sau.

I dyrevelferdslova er det ei eiga forskrift om bruk av elektrisk straum



ved trening av hund. Forskrifta set eit generelt forbod mot bruk av alt utstyr som kan utsetta hunden for å få straum. Det er unntak for naudsynt aversjondressur mot jaging av beitedyr, tamrein og kløvvilt når treninga blir utført av personar som oppfyller dei kompetansekrava som står i forskriften. Norges Jeger og Fiskeforbund sine aversjonsinstruktørar oppfyller desse krava.

Kva er aversjondressur?

Dei fleste hundar har så mykje jaktlyst at dei blir freista til å forfølge dyr som flyktar. Enkelte hundar er nysgjerrige medan andre startar eit bevisst jag eller angrip for å ta byttet. Når hunden har fokus og bevisst jagar etter testdyret, vil den få eit elektrisk støyt. Støytet skal vera så kraftig at den avbryt jaget. Enkelte hundar vil gjera nye forsøk under same test med same resultat. Vanlegvis vil ein sjå ein endring av hunden si åtferd i løpet av testen. Instruktøren avgjer når testen skal avsluttast. Alle nye hundar og hundar som syner interesse for testdyra må gjennomføra ein ny test etter minst to veker. For at hunden skal få bevis på gjennomført aversjonstest må den under den neste testen ikkje syne positiv interesse for testdyra.

Aversjonsbeviset aleine har liten eller ingen nytteverdi. Du må i tillegg føle deg trygg på at hunden faktisk er utan interesse for å jage dyra. Aversjondressuren er et tilbod om hjelp til å gjera hundane fri for

interesse i å jage bufe eller kløvvilt. Beviset fortel at hunden har gått gjennom ein tilrettelagt test og i den anledning ikkje vist interesse for testdyra. Det føl ingen garanti med eit bevis i aversjondressur. Det er difor hundeeigar sitt ansvar at hunden er utan interesse i å jage husdyr eller kløvvilt.

Det er ingen utlopsdato for aversjonsbeviset. Det er du som hundeeigar som har ansvar for hunden sine handlingar og det er du vurdering av hunden si åtferd og risiko for tilbakefall som avgjer når hunden skal inn til ny vurdering. Ut ifrå erfaring blir det anbefalt at unge hundar testast etter eit år fordi unge hundar enda er under mental utvikling og utviklar jaktinstinkta. Seinare blir det anbefalt at hundane testast kvart anna år.

Luster Jakt og Fiskelag har vanlegvis to kveldar kvar vår der det er moglegheit for å testa hunden på sau.

Nokre tips i kvardagen med hund er å unngå å «testa» hunden på husdyr eller kløvvilt den ikkje skal visa interesse for. Ikkje press hunden inn i situasjonar der han må forholda seg til slike dyr verken i band eller når den er laus. Gjer det til rutine at du endrar retning eller går rundt viss du ser at det er slike dyr i ruta di. Ungå at hunden får moglegheit til å erfara at slike dyr ikkje er «straumførande».

Luster Jakt og Fiskelag



Framme frå venstre:
 Inger Beate Dalheim,
 Liv Helen Nystuen,
 Marta Marie Bukve.
 Bak frå venstre:
 Sigfred Haugen,
 Jan Kåre Norberg
 (leiar),
 Alf Henning Evjestad
 (nestleiar),
 Arne Midtun.



Eldrerådet

vil gjerne ha innspel frå eldre i kommunen

Hausten 2023 vart det vald nytt eldreråd for perioden 2023-2027. No i oppstarten har dei fått opplæring, har drøfta korleis dei vil jobbe og kva saker som er viktige for dei.

Eldrerådet gjev innspel og er høyringsinstans for administrasjon og politiske utval i budsjett og plansaker og andre saker som gjeld dei eldre i kommunen.

Eldrerådet har førebels desse satsingsområda/ arbeidsplan:

- Helse- og omsorg mot 2030:
 I møte med ei demografisk utvikling med fleire eldre og færre yrkesaktive, samt eit eldre/utdatert helsecenter, skal Luster kommune avklare kva bygningsmessige investeringar som skal gjerast innan helse og omsorg fram mot 2030. Prosjektet rettar seg primært mot Gaupne, men dels også mot Hafslo. Råda er referansegrupper og blir involvert i arbeidet som førebels er i konseptfasen.
- Oppfølging av Stortingsmeldingane nr. 15 Leve Heile Livet – kvalitetsreform for eldre og nr. 24 Fellesskap og meistring – Bu trygt heime

- Seniorbustader
- Transportordningar
- Digital opplæring for eldre
- Gode og varierte møteplassar og aktivitetar i heile kommunen for å hindre einsemd
- Samarbeid med lag og organisasjoner
- Arrangere eldredag

Sakliste og protokollar frå eldrerådet ligg på Luster kommune si heimeside og på biblioteket.

Leiar i Luster pensjonistlag blir invitert til møta i eldrerådet. Kvart møte startar med felles møte med rådet for personar med funksjonsnedsetting i lag med rådmannen og andre tilsette i administrasjonen. Råda får informasjon og kan gje innspel i aktuelle saker.

Eldrerådet vil gjerne ha innspel frå innbyggjarar på kva saker eldrerådet bør arbeide med, men presiserer at dei ikkje handsamar enkeltsaker og ikkje er ein klageinstans.

Dersom du er 60 år og eldre, kom gjerne med innspel til medlemene i eldrerådet.

Kontaktinformasjon til eldrerådet:

Namn	Adresse	Tlf.	E-post
Jan Kåre Norberg, leiar	Fossøyane 81, 6871 Jostedal	97162724	norberg@epost.no
Alf Henning Evjestad, nestleiar	Heggelia 4, 6868 Gaupne	46970704	alfevjestad@gmail.com
Liv Helen Nystuen	Røslebakkane 65, 6868 Gaupne	92437313	liv.helen.nystuen@gaupe.no
Marta Marie Bukve	Bolstadvegen 31, 6876 Skjolden	91193164	mm.bukve@online.no
Inger Beate Dalheim	Hafsløvegen 59, 6869 Hafslø	95853409	inger-beate@dalheim.com
Sigfred Haugen	Løteigane 18, 6879 Solvorn	95772010	sigfred.haugen@gmail.com
Arne Midtun	Røslebakkane 97, 6868 Gaupne	91149738	armidtun@online.no
Geir Arve Sandvik, observatør	Bukti 2, 6868 Gaupne	95933649	geir.arve.sandvik@luster.kommune.no

Kjenner du deg trygg heime?

Treng du nokon å snakke med?

Luster legekontor:	57 68 56 00
Luster helsestasjon:	57 68 56 05
Psykisk helseteam:	57 68 56 34
Familievernkontoret:	46 61 92 80
Sogn barnevern (dagtid):	97 50 60 95
Barnevernvakta (kveld/natt/helg):	40 02 29 88
Krisesenteret i Florø:	57 74 36 00
Overgrepsmottaket (Førde):	57 72 37 48
Politi:	112
Legevakt:	116 117

Ved akutt fare, ring politiet 112.

Politiet kan påleggje overgripars besøksforbod og kan hjelpe deg å kome til kriesenteret. Du kan melde valden.

På Krisesenteret i Florø kan du kome både dag og natt for å bu trygt. Du treng ikkje å ha synleg skade for å søkje hjelp – trugslar og psykisk vald er like alvorleg.

Er du blitt seksuelt misbrukt eller valdteken? Ring overgrepsmottaket i Førde: **57 72 37 48**. Dei tek vare på deg, undersøker deg og hjelper deg å dokumentere overgrepet.

Nasjonale hjelpelefonar

Mental Helses hjelpelefon:	116 123
Alarmtelefon for barn og unge:	116 111
Kors på halsen (for barn og unge):	800 333 21
Vold- og overgrepsslinjen (VO):	116 006
Røde Kors-telefonen om tvangsekteskap:	815 55 201
Hjelpelefon for seksuelt misbrukte:	800 57 000
Alternativ til vold (ATV):	55 60 31 99
Vern for eldre:	800 30 196

Er du vitne til vald; som nabo, ven eller kollega? Er du uroleg for at ting ikkje er som det burde vere hjå nokon du kjenner? Ikkje ver redd for å seie ifrå, du kan gjere ein skilnad.

Meir informasjon finn du på:
<https://DinUtvei.no>

For meir informasjon om kven du kan snakke med, scann QR-koden:



SJEKKLISTE:

- Er du usikker på om det du opplever heime er bra for deg?
- Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?
- Er barnet ditt trygt?
- Får du høre at du ikkje er verdt noko?
- Vert du tvinga til seksuelle handlingar?
- Vert ting du er glad i øydelagt?
- Ynskjer de hjelp til å løyse konfliktar?
- Disponerer du eigne pengar?

Det er aldri din feil! Det er aldri for seint! Det er alltid hjelp å få!



Hjarteleg takk for minnegåver til Gaupne omsorgssenter, Korttidsavdelinga, i høve **Sissel Irene Bruflat Langeteig** og **Jon Berget** sin bortgang.

Hjarteleg takk for minnegåver til musikkinnslag ved Gaupne omsorgssenter, i høve **Gunhild Øvregard** og **Oddmund Ingar Nyland** sin bortgang.

Hjarteleg takk for minnegåve til Luster omsorgssenter frå **Kirsten Nyløy** og **Inger Galde**.



Brukarundersøkingar i helsetenesta

Som ledd i arbeidet med kvalitetsforbetring er Helse i gang med å gjennomføre brukarundersøkingar for tenestene. Til no er det gjennomført brukarundersøkingar for ergo-/fysioterapitenesta og helsestasjonen. Det vert nytta standardundersøkingar frå Bedrekommune. Dette gjev oss nyttig informasjon og tilbakemelding på tenestene, både på kva som fungerer bra og korleis me kan bli betre. Det er planlagt fleire undersøkingar i løpet av året.



Ergo- og fysioterapitenesta

I november/desember 2023 vart det gjennomført ei brukarundersøking innan ergo-/fysioterapiområde. Dette var i noko grad ein «digital pilot» med bruk av SMS, men også med mogelegheit for å svare på papir. Det var den første brukarundersøkinga Luster kommune har gjennomført innan dette tenesteområde. Undersøkinga vart sendt til 160 brukarar og det kom inn 108 svar. Det gir ein svarprosent på heile 68%. Resultata var generelt særskilt gode, men også nokre forbetningspunkt. Generelt gjev innbyggjarane uttrykk for å vere nøgde med tenestene, både med tanke på korleis ein blir møtt, tilgjenge og fagleg kompetanse.

Helsestasjonen

Helsestasjon, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom skal sikre at barn, ungdom og foreldra deira opplever å bli høyrt og lytta til.

Tenestene skal legge til rette for at barn og ungdom sin medverknad blir reell. I samband med dette seier dei nasjonale faglege retningslinjene at brukarundersøkingar bør gjennomførast regelmessig.

Denne våren har helsestasjonen gjennomført brukarundersøking. Undersøkinga gjekk til føresette med barn født i 2022 og 2023 og vart gjennomført i april månad. Undersøkinga vart sendt ut på SMS og svarprosenten vart 40%. Denne kunne vore høgare, men resultatet og tilbakemeldingane tek me med oss vidare i utviklinga av tenesta. Også her var resultatet svært gode med eit snitt på 5,3 av 6 mogelege.

Me tek med oss både ris og ros i det vidare forbetningsarbeidet, og takkar for alle svar og tilbakemeldingar!

Framme frå venstre:
Merete Aasen og Jon Ove Lomheim.
Bak frå venstre:
Hermann Odd Stein, Mona Åsen og
Lars Jørgen Kjærvik.
Foto: Ørjan Talle.



Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Rådet for personar med funksjonsnedsetting skal ha ei rådgjevande rolle i den kommunale verksemda. Rådet har rett til å uttale seg i saker om personar med funksjonsnedsetting sine behov og interesser.

Rådet kan vera ein pådrivar for å setje saker som er viktig for personar med funksjonsnedsetting på den politiske dagsorden og er partipolitisk uavhengig.

Etter forskrift om medverknad er det kommunestyret som vedtek samansetjinga av rådet og kor mange medlemer og varamedlemer rådet skal ha.

Rådet har 5 medlemmar. I tillegg peikar kommunestyret ut ein representant m/vararepresentant som observatør med tale- og forslagsrett. Rådet peikar sjølv ut leiar og vara:

Medlemlar 2024 - 2027:

Jon Ove Lomheim – leiar
Mona Åsen – nestleiar
Merete Aasen
Hermann Odd Stein
Kjellrun Susanne Vigdal
Mette Alme

Odd Atle Stegegjerde
Charlotte Alme Bringe

Observatør og vara:
Lars Jørgen Kjærvik
Jonny Gjerde

Sekretær: Perdy Hesjevoll

Regionalt fagnettverk i barnehagen:

«Tidleg innsats og språkutvikling»



Kommunane i Sogn har i mange år samarbeidt om å ha regionale fagnettverk for barnehagetilsette. Hafslø barnehage ved Solveig Løkkebø og Marianne Venjum har i perioden 2022 til 2024 hatt ansvar for det regionale fagnettverket «Tidleg innsats og språkutvikling». Det har vore gjennomført fire samlingar i denne perioden der om lag 40 tilsette frå ulike barnehagar i regionen har delteke. I tillegg har Sogn PPT delteke på nokre av nettverkssamlingane.

Eksterne føredragshaldarar er inviterte inn, i tillegg har Løkkebø og Venjum bidrege sjølv til nettverket med eigen kunnskap og erfaringar frå språkarbeidet i Hafslø barnehage.

Ei god språkutvikling hjå barna er avgjerande for god læring, så å jobbe med språk er viktig kompetanseheving for barnehagane.

Tilbakemeldingane frå deltakarane har vore svært gode. Dei som deltok tykkjer at dei har fått mange gode tips og at det har vore spennande og lærerikt innhald.

Assisterande styrar Marianne Venjum (t.v.) og styrar Solveig Løkkebø. Begge tilsette i Hafslø barnehage.



4. og 5. mars var helsesjukepleiarar frå Sogn samla i Førde for å bli kjende med «Spør først» – eit undervisningsopplegg med mål om å førebygge seksuelle overgrep og fremje ein positiv og trygg seksualitet.

Helsesjukepleiarane i Sogn har vore på kurs i «Spør først»

Kurset vart halde av RVTS- midt og helsesjukepleiar og sexolog Tone Bjørnson Aanderaa, som til dagleg jobbar på Helsestasjon for kjønn og seksualitet i Oslo kommune. «Spør Først» er laga av Tone i tett samarbeid med fleire helsesjukepleiarar. Undervisninga er forankra i skulehelsetenesta med ønske om tett samarbeid med lærarar. Skal vi førebygge seksuelle overgrep og fremje positiv seksualitet for barn og ungdom, må vi jobbe saman.

«Spør først» er eit felles tiltak for helsesjukepleiarane i Sogndal kommune og Luster kommune gjennom prosjektet «Livsmeistring- robuste barn og unge». Elevar på 6. trinn, 9. trinn og 2.vgs vil få undervisninga, på den måten sikrar vi ein raud tråd i arbeidet.

28% av jenter og 16% av gutar mellom 12 og 16 år oppgjev at dei har vore utsett for seksuelle overgrep eller krenkingar av

jamaldringar. I tillegg etterspør elevane meir undervisning om seksualitet og grense. Av den grunn bør dette vere eit prioritert satsingsområde for skulehelsetenesta i eit folkehelseperspektiv.

Tone B. Aanderaa har dei siste åra gjennomført undervisningsopplegget på barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule. Undervisninga er evaluert og responsen frå elevar, foreldre og helsesjukepleiarar er svært god. «Spør først» er eit ferdig undervisningsopplegg som er kvalitetssikra.

Kva seier elevane?

«Etter kurset ble jeg mer bevisst på hva som kan tolkes som feil signaler, og at man skal være tydeligere på godkjennelse fra begge parter». «Jeg har blitt bevisst på at samtykke er nøkkelen til intim sex og kan hindre en økning i voldtekstatistikken i Norge».

Kva seier foreldrene?

«Takk for en veldig god jobb dere gjør. Forklare konsekvenser om hvordan det vil føles å bli tråkka på».

«Synes det er utrolig bra at dere hjelper oss foreldre. Alle skoler skulle ha dette»!

Kva seier helsesjukepleiarane?

«Utrolig viktig tema og det er bra å få felles undervisningsopplegg slik at alle elever kan få tilgang til samme kunnskap».

«Det var MEGET bra at fokuset var på kropp, flörtning og det positive med seksualitet».

«Seksuelle overgrep trenger en egen undervisning og eget fokus. Her tror jeg mange helsesykepleiere har noe å lære»!

Luster kommune skal innføra Dighelse

Dei siste åra har det vore eit stort fokus på å innføra nye e-helse løysingar i kommunane. Gjennom dette fokuset er det utarbeidd fleire nasjonale e-helseløysingar som til dømes e-resept, kjernejournal og Helsenorge.

Helsenorge er ein nasjonal innbyggjarportal med kvalitetssikra helseinformasjon kombinert med digitale helsetilbod og sjølvbetjening. Ein kan til dømes sjekke prøvesvar, bestille time og lese sine eigne epikrisar på helsenorge.no. På Helsenorge er det og mogleg å ha sikker og trygg kommunikasjon mellom innbyggjar og kommunal helse- og omsorgssektor. Pårørande med fullmakt har tilsvarande moglegheit som innbyggjar.

For at brukarar og pårørande skal kunne kommunisera med Luster kommune sine helse- og omsorgstenester, må Luster kommune ta i bruk Dighelse. Det er me no i gang med, og i

løpet av 2024 vil dei fleste kommunale helse- og omsorgstenester tilby digital innbyggjardialog via helsenorge.no

Ved å ta Dighelse i bruk, legg ein til rette for betre og sikrare kommunikasjon mellom brukar og helse- og omsorgstenesta. All kommunikasjon vil og bli godt dokumentert både på helsenorge.no og i brukaren sin journal hjå helse- og omsorgstenesta. Brukaren kan også sjå avtalte besøk i kalendaren sin. Dersom ein ikkje treng besøk, eller ynskjer å avlysa avtalar, kan ein gjere dette via helsenorge.no.

Alle aktuelle brukarar vil i løpet av hausten få eit brev med meir informasjon om Dighelse, og korleis dei kan ta det i bruk. Alle nye brukarar vil få informasjon i forbindelse med utsending av vedtak.

Det er ikkje meiningsa at alle må ta i bruk digital innbyggjardialog, Dighelse. Brukaren bestemmer



Illustrasjon: Helsenorge

sjølv om han eller ho ynskjer å nyttiggjera seg av tilboden, men Luster kommune ynskjer å tilby innbyggjarane dei nasjonale e-helseløysingane som er tilgjengelege.

Dersom du ynskjer å lesa meir om Dighelse, kan du skanne QR koden under:



Rådgjevar fagutvikling
helse- og omsorg
Kjell Olav Bondevik



Andreas Dyrkjær har permisjon frå stillinga som kommuneoverlege i perioden 25.3.2024 – 31.3.2025.

Ingunn Watsend Erichsen vil vikariere som kommuneoverlege i Luster i same periode.

Ny kommuneoverlege

Ingunn skriv følgjande om sin bakgrunn:

Eg har studert medisin ved Universitetet i Oslo. På sommarjobb som hyttevert på Fannaråkhytta, trefte eg ein heimekjær sogning. Dette førde til at eg søkte sjukehusturnus i Førde og kom til Luster som turnuslege.

Eg heldt fram som fastlege her frå 2009. Eg har hatt kommunal bistilling som tilsynslege, først ved Gaupne og sidan ved Luster omsorgssenter. I 2012-2013 jobba eg ved Kirurgisk klinikk i Førde på Kvinneklinikken.

Eg har vore spesialist i allmennmedisin frå 2017. Frå 2018-2022 var eg tilsett som assisterende fylkeslege hos Statsforvaltaren i Vestland. Hovudoppgåvene mine var handsaming av klagesaker, tilsyn, førarkortsaker, oppfølging av tvangsvedtak både innanfor psykiatri og somatikk og generell rådgiving om helselovgivinga opp mot pasientar og helsepersonell.

Eg var også noko involvert i beredskap, smittevern og miljøretta helsevern. Frå hausten 2022 har eg vore attende som fastlege i Luster kommune, og arbeida i 20% stilling med samfunnsmedisinske oppgåver i kommunen. Eg har også ei bistilling hjå Statsforvaltaren der eg mellom anna har ansvar for grupperettleiing av LIS1-legane i fylket. Eg er snart ferdig spesialist i samfunnsmedisin.

Eg gler meg til å ta fatt på stillinga som kommuneoverlege!






Foto: Ørjan Talle

Digitalt følgjekort (ledsagarbevis)

Personar som har ei funksjonsnedsetting som vil vara minst 2 – 3 år kan søkja om følgjekort. Følgjekortet skal gje følgje til personar med nedsett funksjonsevne fritt tilgjenge til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel som personen elles ikkje kunne ha delteke på.

Følgjekort har bilet og namn på innehavaren. Ordninga er landsdekkjande og kan nyttast ut

Foto: KS



over kommune- og fylkesgrensene. Innehavaren må sjølv undersøke om følgjekort blir godteke på arrangementet han / ho vil delta på.

Frå hausten 2024 vil Luster kommune tilby digitalt følgjekort. Løysinga gir innbyggjaren anledning til å få følgjekortet tilgjengeleg på sin mobil, også når ein er i områder utan mobildekning. Følgjekortet kan visast på nett eller i app på iPhone og Android. Du kan lese meir om «digitalt ledsagarbevis» på KS sine nettsider.

Du kan også finne meir informasjon om tenesta på Luster kommune si heimeside, Følgjekort – Luster kommune (<https://www.luster.kommune.no/folgjekort.396367.nn.html>), samt informasjon om korleis du går fram når du vil søkja. Du kan også ta kontakt med konsulent for menneske med nedsett funksjonsevne v/Tenestekontoret om du har behov for hjelp.

*Lisbeth Olstad Servold
Konsulent for menneske med
nedsett funksjonsevne*

Informasjon frå **Teneste- kontoret**

Tenestekontoret har nyleg flytta frå Helsecenteret til Pyramiden. Me har flytta inn i fine og tenlege lokale i 2. etasje, ved Kyrkjekontoret og Radio Luster.

Tenestekontoret er leia av Kari Paulsen og har f.t. 7 tilsette fordelt på 6,5 årsverk. Oppgåvene til Tenestekontoret er m.a. tildeling og evaluering av tenester, førebyggande arbeid og ergoterapitester, økonomistyring og forvaltning. Tenestekontoret kan nåast på tlf: 57 68 20 90.


Tenestekontoret



Positiv folketalsutvikling

Me blir stadig fleire i Luster. 1. april var me 5.387 – av desse var 4 over 100 år gamle. Det kom 52 nye lustringar til verda i 2023 – og det gav ein netto tilgang på 27 innbyggjarar i fjor. Av Luster sin befolkning bur 2.361 i einebustad, 125 i leilegheiter. I tillegg er det 654 hytter i kommunen.

I det store talmaterialet frå kjelda Statistisk Sentralbyrå kjem det også fram at det vart lånt ut 30.246 bøker på biblioteket. 837 av bilane i Luster går på bensin, 1.705 på diesel og 397 bilar går på straum.



Kjelde: [Befolking, Statistisk sentralbyrå](#)



Helse og omsorg mot 2030: Innsiktsworkshop

Det er igangsett eit prosjektarbeid kalla «Helse og omsorg mot 2030» for å planlegge store investeringar knytt til helse- og omsorgstenesta i åra som kjem. Gjennom ein konseptstudie ynskjer ein å avklare ein del overordna forhold ved

prosjektet og få eit heilskapleg bilet av korleis ein skal løyse utfordringane ein står overfor. Eit veksande tal eldre og knappheit på helsepersonell utfordrar Luster kommune i likskap med andre kommunar. Ein sentral ambisjon

for prosjektet er samlokalisering av fleire helse- og omsorgstenester i eit helse og omsorgssenter i Gaupne.

Det arbeidast no med ei rekke utgreiingar, mellom anna vurderingar av eksisterande bygningsmasse, kapasitetsvurderingar, analyser av fagmiljø, plan for velferdsteknologi og økonomiske analyser. Resultata frå desse analysane vil presenterast i ein konseptrapport hausten 2024. Her vil det og presenterast ein framdriftsplan for dei neste fasene av prosjektet.

8. mai var ei rekke ressurspersonar samla til innsiktsworkshop i kommunestyresalen. I tillegg til leiarar og tilsette i helse- og omsorgstenestene var og eldrerådet, rådet for personar med funksjonsnedsetting, ungdommens kommunestyre og pensjonistforbundet representert. Gjennom dette arbeidet fekk deltakarane høve til å sette ord på det dei opplevde som dei største behova og utfordringane knytt til helse- og omsorgstenestene i dag. Innsikta frå dette arbeidet vil utgjere eit viktig kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet med konseptstudien.

Kulturprisen 2023



Luster kommune sin kulturpris for 2023 gjekk til Mary Aasen.

Kulturprisen kan delast ut til einskildpersonar, organisasjonar eller institusjonar som har utmerka seg i særleg positiv kulturell samanheng.

Kulturprisen blir delt ut kvart år, så sant det finst høvelege kandidatar. Luster kommune har delt ut kulturpris sidan 1985.

Grunngjeving for å gje prisen til Mary Aasen:

Ho står på for bygda og for kommunen. Enten det er Helselaget eller Folkeakademiet eller hjelp med noko som skal skje, så er ho alltid lett å spørje, og når ho er med då skjer det.

Ho har og vore mykje med i filmprosjekta om Kulturen i Naturen i Luster Kommune, der dei snart er i mål med å lage ti filmar.

Ho har unik kunnskap om lokalmat, bidreg med sin kompetanse både i møte med flyktningar, skule, barnehage og generelt på arrangement. Det bør og nemnast at ho stiller opp på omsorgssentera rundt om og spreier glede om tradisjonsmat til beburane.

Kandidaten vår har gjennom ei årrekke vore aktiv innan arbeid i frivillige organisasjonar.

Ho har vore leiar samanhengande i 40 år, for eitt og to frivillig lag i året.

Fyrst var ho leiar i husflidlaget for heile kommunen og ho var sjef for husflidmessa ei rekke år.

Ho har vore leiar for Jostedal skule og ungdomskorps og stemnegeneral for korpsstemna når korpset hadde 15 års jubileum.

Ho var med å starta opp att Folkeakademiet Luster og er framleis leiar der i tillegg til at ho er leiar i Jostedal Helselag. Til Helselaget sitt 100 årsjubileum var ho med å laga film om stølslivet på stølen Breisete. Ho har og vore svært delaktig i filmen Vatn som dokumenterer flaumen i Jostedalen i 1979 og livet etterpå.

Det skal også leggjast til at ho alltid er positiv og ei ekte Ja dame for bygda si og for resten av kommunen. I nominasjonen er det streka under at: kandidaten får kulturprisen for innsats for frivillig arbeid og formidling av kulturarv.

Olsokmarknad i Fortun

Me i Fortun vil gjerne ynskja alle velkommen til

**Olsokmarknad
laurdag 27. juli
kl. 11.00-16.00.**

Me sel grillmat, kaker og kaffi, og du kan få kjøpt lodd på marknadslotteriet. I bodene har me bær, grønsaker, bakverk, pølser, ost, maleri mm. Annemor stiller med Lykkehjulet sitt og alt ligg til rette for ein flott dag med gamle og nye kjende.

Om kvelden stiller Folk Flest opp med hagekonsert hjå Fortun 1882.

Velkommen!





Oversikt over transporttilbod i kommunen

Serviceskyssen:

Serviceskyssen er eit tilbod til alle som bur i Luster kommune, det er inga form for godkjenning for å nytte seg av dette tilbodet. På faste dagar til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Rutene går sjølvsgått i retur seinare på dagen. Alle passasjerar som ønskjer å nytta Serviceskyssen må bestilla hjå **Luster Taxi** (tlf: 57 68 16 20) innan kl. 18 dagen før turen. Då avtalar ein tidspunkt for henting.

Eigenbetaling kr 30 kvar veg.

Oversikt over rutene: https://www.skyss.no/reise/rutetider/rutetabellar-buss/serviceskyss-i-sogn-og-fjordane/#6533b92a_0c23_42ff_96d8_8b88855b48c5

Buss:

I Luster kommune har me bussruter som går til dei ulike bygdene til ulike tider. Du kan søke på www.skyss.no for å søke opp di rute og finne tidspunkt bussen går.

TT-ordninga:

TT transport er eit tilbod som skal bidra til at personar med ei funksjonsnedsetting som bur i Luster kommune, skal ha eit alternativt transporttilbod. Transporten går føre seg med drosje. Meir info på <https://www.vestlandfylke.no/Kollektivogtransport/tt-kort/>

Luster ungdomstaxi – LUT:

Er eit tilbod til ungdom busette i Luster mellom 13- 19 år. Dette er eit tilbod som gjeld frå alle opne arrangement i Luster kommune og i kulturhuset i Sogndal, også trening/øving, møte, kurs, teater og kino.

Må vera minst to passasjerar. Eigenbetaling er 50,- kr pr gang pr person kvar veg.
Du bestiller tilbodet hjå **Luster Taxi, tlf 57 68 16 20,** sei ifrå om at du skal nytte denne ordninga.

Skyss til balansetrening:

Luster kommune tilbyr skyss til «Betre balanse» gruppene på omsorgssentra.
Du kan bestille ved å ringe Servicetorget på Rådhuset, tlf 57 68 55 00 (opningstid 9-15).
Siste frist er kl 09:30 same dag.

Facebookgrupper for samkøyring:

I Luster har me ulike grupper på facebook som har som mål å bidra til meir samkøyring.
Jostedal – saker, ting og skyss: <https://www.facebook.com/groups/454265267948483>
Samkøyring i Luster (Luster hjelper Luster): <https://www.facebook.com/groups/957055715704859>
Her kan du legge inn spørsmål om turar eller legge inn at du tilbyr skyss. Dette er både sosialt, du kan hjelpe andre og det er miljøvennleg!



Skyss til Seniortreff:

Det blir organisert transport til Seniortreff for dei som har behov.
Påmelding pr. tlf. 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13.00.

Nye råd om eigenberedskap:

Flest mogleg bør klare seg sjølv i ei veke



Vi lever i ei stadig meir uroleg verdi, med mellom anna klimaendringar, krig og digitale truslar. Sjølv om det meste fungerer som det skal i Noreg, må vi vere førebudde på at ekstremvær, pandemiar, ulukker, sabotasje og – i verste fall – krigshandlingar kan ramme oss.

Er du førebudd?

Korleis vil du og dine nærmaste klare dykk dersom straumen blir vekke i ein lengre periode? Kva gjer du dersom vatnet forsvinn? Kva om du ikkje får handla på ei veke?

Straumbrot kan gjere at det ikkje kjem vatn i springen, og føre til at kloakkssystem, medisinsk utstyr, lading av elbil, betalingsløysingar, internett, mobiltelefon, radio, kjøleskap og utstyr til matlagning ikkje fungerer som normalt.

Eigenberedskap handlar om å vere førebudd på slike situasjonar. Sjå råd på sikkerhverdag.no

Styrk eigenberedskapen din!

God eigenberedskap er ei investering i tryggleik for deg og dine nærmaste. I tillegg bidreg du til at styresmaktene kan prioritere dei som treng mest hjelp.

Ved å vere førebudd for éi veke blir du betre i stand til å handtere alt frå små forstyrningar i kvardagen til større kriser. For ikkje å snakke om at du får betre tid på deg til å planleggje vegen vidare dersom krisa skulle bli langvarig.

Hugs: Litt førebuing er mykje betre enn inga!

Eigenberedskap for ei veke

Her finn du døme på ting som er lurt å ha heime. Gå gjennom behova dine, og sjå på kva løysingar som er moglege der du bur. Hugs at familie, vennar og naboar kan samarbeide om eigenberedskap. Sjekk lageret ditt med jamne mellomrom.

Sjekkliste for eigenberedskap

- Reint drikkevatn lagra på kanner eller flasker.
- Mat som toler å bli oppbevart ved romtemperatur.
- Grill, kokeapparat eller stormkjøken.
- Varme klede, pledd, dyner og soveposar.
- Fyrstikker og stearinlys.
- Ved, dersom du har vedomn eller peis.
- Gass- eller parafinomn som er berekna på innandørs bruk er eit alternativ til vedfyring.
- Avtale om overnatting dersom du ikkje har alternativ oppvarming.
- Lommelykter eller hovudlykter som går på batteri, sveiv eller solceller.
- DAB-radio som går på batteri, sveiv eller solceller.
- Legemiddel og førstehjelpsutstyr.
- Jodtablettar (gjeld barn og vaksne under 40 år, gravide og ammande).
- Hygieneartiklar som mellom anna våtserviettar, handsprit, bleier, dopapir og menstruasjonsprodukt.
- Batteri og fullada batteribank.
- Litt kontantar og fleire betalingskort.
- Mat og vatn til kjæledyr.
- Liste på papir med viktige telefonnummer som til dømes naudnummer, legevakt, veterinær, familie, vennar og naboar.

Stort bål eller lite bål?

Brenne hageavfall eller rivingsmateriale?

Kva er greitt å brenne i omnen eller ute på bål? Og når er det lov og ikkje lov å brenne bål? Reglane for brenning er laga for å hindre helseplager, og minimere brannfare. Mange materiale lagar farlege gassar når dei brenn, difor er det viktig for helsa di og andre si, og for naturen at desse materiala vert levert til avfallsmottak i staden.

I Luster finst det ei eigen forskrift for brenning, og all brenning av avfall i småomnar eller opent er i utgangspunktet forbode.

Unnatake er:

- open brenning på grillar til matlaging, utepeis og kaffibål. Mellom 15.04 og 15.9 er det eit generelt bålforbod i eller i nærleiken av skog og utmark. Det er unnatak frå denne regelen om det er openberrt at det ikkje er fare for brann, td. om bålet ligg i snø.

- Brenning av reint trevirke i vedomn
- Brenning av avisepapir og liknande til opptenning i vedomn

Utanfor dei tettbygde strøka Gaupne, Hafslo, Skjolden, Luster, Solvorn og Hestnes/Galden er det nokon fleire unnatak:

- Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall
- Jonsokbål
- Ranke- og flatebrenning i skogbruket
- Halm- og kvistbrenning i jordbruket

Hugs å melde frå om bålbrening på eige skjema til Sogn Brann- og redning, eller tlf. 48 29 69 29.

Du kan også søke om å brenne rivingsmateriale og anna, men



reint trevirke er det einaste kommunen kan gjere unnatak for. Målte eller impregnerte materialer, samt husholdningsavfall, plast, møbler med meir får du ikkje løyve til å brenne. Sjå nettsida for søknadsskjema, og hugs å søke i god tid før brenninga skal skje!

Er du enno usikker på kvar og når du kan lage bål? Sjå nettsida vår, og ta kontakt med Luster kommune eller Sogn brann- og redning.

Påminning om bandtvang av hund i Luster kommune



Luster kommune har den siste året fått inn fleire meldingar om hundar som ikkje har vore under kontroll. Me minnar i den forbindelse om hundelova § 4, 1 ledd.

«Hundeholderen skal opptre hensynsfullt. Utenom båndtvangstider kan hunder bare være løse under tilsyn og kontroll som i størst mulig grad forebygger og forhindrer skader på eller ulemper for mennesker, husdyr, tamrein, vilt eller eiendom. Det skal vises særlig hensyn overfor barn og hunder som utfører en tjeneste». Om vinteren er viltet

sårbare. Hundar skal derfor alltid holdast under tilsyn slik at det så vidt så mogleg hindrast frå å驱ra å forfølgja vilt.

Bandtvang i Luster kommune er frå 1. april til og med 1. november i dei områda der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar. Rådmannen kan innføre ekstraordinær bandtvang for heile eller delar av kommunen for å verne vilt og bufe dersom tilhøva tilseier at der naudsynt.

Sjå forskrift for bandtvang av hund, Luster kommune, Vestland.

Visste du at

det er ulovleg å dumpe hageavfall i naturen?

Simas tek imot hageavfall – og det er GRATIS å levere det på Luster miljøpark (hugs å dekke til tilhengeren så ikkje frø flyg avgårde).

Med våren kjem tida for rydding i hagen – men nokon av plantene du har i hagen kan vere framandarter – og ein stor risiko for biomangfaldet vårt! Fleire av desse må pakkast inn i plast og kastast i restavfallet, og dei er faktisk ulovlege å selje og plante!

Nokon av dei vanlegaste framandartene artane som er på «Svartelista»:

- Kjempespringfrø
- Hagelupin
- Kjempebjørnekjeks/Tromsøpalme
- Parkslikekne/Kjempeslikekne

Veit du ikkje kva planten heiter?

Prøv «Artstorakel»!

Lurar du på korleis du skal handtere hageavfallet ditt? Hjå *Hageselskapet* kan du sjå bilete og skildring av vanlege framandarter i norske hager – og finne råd for korleis du handterer og bekjempar dei!

Unngå framandarter i hagen på hytta- det er vanskelegare å ha kontroll på spreieninga ein stad der du ikkje bur! I vanlege hytteomgjevnader, ved vatn og i fjellet er det og stor fare for at artane spreiar seg.



Over: Kjempespringfrø

Foto:

Liv Byrkjeland, Statens Naturoppsyn.



Venstre: Kjempebjørnekjeks/

Tromsøpalme

Foto: Kim Abel, Statens

Naturoppsyn.

Venstre, nederst: Hagelupin

Foto: Kim Abel, Statens Naturoppsyn.

Under: Parkslikekne/Kjempeslikekne

Foto: Kim Abel, Statens Naturoppsyn.



Nye idrettsanlegg i 2024



Luster kommunestyre har 15. februar i år vedteke ny kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2024–2036. Hanlingsplanen er som for tidlegare planar 4-årige og inneholder den prioriteringa som kommunen skal leggja til grunn for søknader om spelemidlar. Finansieringa av denne type anlegg er i hovudsak delt på tre:

- 1: eigenfinansiering godkjent av årsmøte til søkerorganisasjonen

- 2: kommunal del som er vedteke av kommunestyret i handsaminga av planen og
- 3: spelemidlar, betre kjent som «tippemidlar», og blir godkjent ut i frå gjeldande krav til storleik, utforming, areal og totalfinansiering. Enkelte prosjektsøknader vil opptre som «gjengangarar» i fleire år overfor spelemidlane, men det betyr ikkje at søknaden er avslegen – berre at søknaden er komen inn i «køen»...
- 4: Nye anlegg som er kvalifiserte for tildelinga av spelemidlar i 2024:
 1. Nærmiljøanlegget Hoppbakke K5 på Sogn Skisenter, Hafslo
 2. Opplæringsbassenget på Fjordstova (ferdig rehabilert), Skjolden
 3. Motorsport Trail på Alsmo (fikk tildeling i 2023), Gaupne
 4. Hestesportanlegget på Fluga (vart opna i 2022), Hafslo
5. Hafslovatnet båthus for kajakk, Hafslo
6. Hafslo stadion lysanlegg i Moane, Hafslo
7. Skitrekket på Sogn Skisenter (rehabilitering), Hafslo
8. Hoppbakke K10 på Sogn Skisenter, Hafslo
9. Hoppbakke K20 på Sogn Skisenter, Hafslo
10. Turstien Hillestadstølen – Botn – Oklevik, Hafslo
11. Motorcross C-baneanlegg for sommar- og vinterbruk på Alsmo, Gaupne
12. Servicebygget på Turtagrø (vart opna 20. apr. i år), Fortun
13. Pumptrack-anlegg på Luster idrettspark, Gaupne
14. Nytt sanitæranlegg på badeplassen på Flahamar, Luster
15. Tustien Nyestølen – Midtnovi, Veitastrond
16. Turstien Tunkestølen – Slingsbyvarden, Veitastrond

Servicebygget på Turtagrø vart opna i april

Nytt Servicebygg med lager, garasje og sanitæranlegg på Turtagrø leverte sin 1. spelemiddelsøknad i 2022 og fekk prioritert 18 av 18 godkjente søknader.

Prosjektet har gått i regi av I.L. Fanaråk med nært og godt samarbeid med Luster Røde Kors v/Luster Hjelpekorps.

Kostnaden pr 19. april 2024 er kr 5 455 016 derav mva kr 997 447. Spelemidlane fordeler seg med kr 500 000 til lager, 500 000 til klubbhus og kr 300 000 til integrert sanitæranlegg. Kommunalt tilskot er på tilsam kr 1 765 000.

Anlegget vart offisielt opna 20. april i år med formell snorklypp av veteranane Harald Hellenes (t.h.) og Anders Fortun i kvar ende av snora og med ordførar Andreas Wollnick Wiese utstyrt med saks for anledningen.





Status på revisjon av kommuneplanen sin arealdel

Luster kommune jobbar med å revidere kommuneplanen sin arealdel. Planen skal vise korleis vi vil disponere areala i kommunen. Til dømes kor det skal byggjast hus og hytter, kor ein kan drive næringsverksemd, kor det skal vere grøntområde og slikt. Den skal også sei noko om utforming – td. kor høgt og tett det skal byggjast.

Planoppstart vart varsla på starten av 2023, og det vart arrangert bygdemøte og opne kontordagar rundt i heile Luster for å informere om planen og få innspel. På møta var det fokus på mellom anna: tilgang til bustadomter, betre parkering i utmarksområde, betre tilhøve for mjuke trafikantar, fleire offentlege toalett i bygdene og opparbeiding

av friområde. Prosjekt som bygging av barnehage på Hafslo, bruk av det offentlege området ved Døsi og mikrohusprosjektet i Skjolden fekk særleg merksemd i dei aktuelle bygdene.

Det kom inn rundt 120 innspel innan fristen, og det meste var relevant å vurdere i arealdelen. I tillegg har kommunen teke imot mange innspel utover fristen. Alle innspela som er aktuelle for planen skal sjekkast opp imot ulike lovverk, rettleiarar, tryggleiksmoment osv. Det same gjeld alle byggeområda frå tidlegare plan som vi ynskjer å vidareføre, men som ikkje alltid er i samsvar med dagens lovverk eller overordna føringer. I tillegg er det viktig å få lagt fram vurderingane på

ein oversiktleg måte for politikarane, slik at arealutviklinga i kommunen går i retninga lokalsamfunnet ynskjer, innafor dei overordna rammane. Resultatet av mange innspel og større krav til planarbeidet gjer at prosessen har teke lengre tid enn vi såg føre oss i utgangspunktet.

I skrivande stund jobbar administrasjonen med å få ferdig eit framlegg til ny arealdel. Viss alt går etter planen vert det lagt ut på høyring etter møtet i formannskapet 12. juni. Det betyr at planen truleg ligg ute til offentleg ettersyn når du les dette, og at du kan kome med innspel til planforslaget.

Meir informasjon finn du på kommunen sin heimeside:
www.luster.kommune.no/arealdelen






Foto: Ørjan Talle.

Reguleringsplan for Gaupne sentrum



Planarbeidet i Gaupne sentrum held fram og det har vorte fleire møte i løpet av hausten og våren. På møta har både private- og næringsaktørar delteke, og har kunne kome med innspel.

Norconsult som er ansvarlege for planen, har fått mykje gode forslag å jobbe vidare med og har identifisert dei overordna problemstillingane i samband med planen: plassering av omsorgssenter, legehus, utvikling av næringstilbodet i Gaupne og areal for bustader.



Vidare utfordringar
er trafikkavvikling,
deriblant kryssløysing,
parkering og
busshaldeplass. Frå
den lokale næringssektoren
har Pyramiden, Spar,
Gaupnetun hotell,
Lustrabadet og Coop vært
involvert.


I hovedtrekk har det vært diskutert kultursal, utebasseng, utviding av daglegvarebutikkar, møteplassar/byrom, trafikkavvikling og generell fortetting av sentrum.

Basert på desse innspela har Norconsult utarbeidd tre moglege konsept (presentert her), som det no blir arbeida vidare med. Felles for dei tre ulike konsepta

er at dei legg opp til eit meir samanhengande sentrumsområde, med gode gangforbindelsar og møteplassar.

Det som skil dei tre forslaga er ulike løysingar for kvar gangsambanda skal gå, og kvar dei ulike møteplassane skal plasserast.

Det er mange brikker som må falle på plass før eit endeleg planføreslag vil bli presentert, og fleire forskjellige ulike løysingar er på teiknebrettet. For kommunen har det vore viktig med ein fleksibel plan som er framtidsretta og som betre utnyttar det arealet me har i Gaupne.



Returadresse:
Luster kommune
Postboks 77
N-6866 Gaupne
Noreg / Norway



Luster kommune Opningstider



Rådhuset

Alle dagar (måndag-fredag) 09:00-15:00

Reduserte opningsider i juli:
Måndag - fredag 10.00-14.00

Du kan booke avtalar, finne informasjon og vaktnummer
på www.luster.kommune.no



Scan qr-koden for å tinge avtale med
tilsette ved rådhuset

Luster legekontor

Måndag - fredag:

Telefontid	08.00-14.00
Konsultasjon	08.30-14.00
Labratorium	08.30-14.30

Luster bibliotek

Sommarope til 18. august:

Tysdag - fredag	11.00-15.00
Laurdag	11.00-14.00

NAV Luster

Tysdag	12.00-14.00
Elles etter avtale.	

Luster miljøpark/Simas

Måndag	09.00-14.00
Onsdag og torsdag	14.00-18.00 (til 19.00 i juli-august)

Lustrabadet

Måndag, tysdag og torsdag	15.00-20.30
Onsdag og fredag	06.30-08.30/ 12.00-20.30
Laurdag og søndag	10.00-17.00
Juli og august (til skulestart)	
kvarldagar	10.00-18.00
helgar	10.00-17.00

Få med deg dei aktuelle sakene!

Folg Luster kommune
på sosiale medium



LUSTRA-nytt Nr. 1 - 2024

Opplag: 4.150. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus.

Redaksjonen avslutta 17. juni 2024.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun.

Redaksjonen er lagt til Infotorget v/Ørjan Talle.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevest til adressa nedanfor.

Redaksjonen si adresse:

Luster kommune, Lustranytt,
Postboks 77, 6866 Gaupne

Tlf. 57 68 55 00

E-post: postmottak@luster.kommune.no

Layout/produksjon: sognefjord.net as | Tlf 959 86 632

Framsidefoto:

Isak og Tryggve testar den nye pumptrack-bana i Gaupne.

Fotograf: Ørjan Talle

Viktige telefonnummer

Helsecenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsecenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT

Tlf. 116 117

TANNLEGEN i Nesgården

Tlf. 57 63 68 30

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP

Mob. 481 02 120

(Veg/vatn/kloakk)

NAV Luster

Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann

Tlf. 110

Vakthavande brannbefal

Mob. 416 59 440

Politi

Tlf. 112

Ambulanse

Tlf. 113

